

Arnfinn Kjelland og Harald Endre Tafjord

Busetnads saga for Stryn

Forprosjektrapport



Forfattarar	Arnfinn Kjelland og Harald Endre Tafjord
Ansvarleg utgjevar	Høgskulen i Volda
ISBN	82-7661-200-8 (elektronisk utgåve) 82-7661-199-0 (papirutgåve)
ISSN	0805-6609
Sats	Arnfinn Kjelland
Distribusjon	http://www.hivolda.no/fou

Arnfinn Kjelland er førsteamanuensis ved Historisk institutt, Avdeling for humanistiske fag ved Høgskulen i Volda. Han har omfattande røynsler med lokalhistorisk arbeid, og har m.a. publisert «Bygdebok for Lesja» i tre band 1987–1996.

Harald Endre Tafjord er høgskulelektor (engasjert) ved Historisk institutt, Avdeling for humanistiske fag ved Høgskulen i Volda.

Om arbeidsrapportserien:

Arbeidsrapporten byggjer på arbeid som både kan vere av førebels karakter og/eller av høg standard. Det kan vere delrapportar innanfor større prosjekt, eller læremateriell knytt til undervisningsføremål. Arbeidsrapportane skal vere godkjende av dekanus, gruppeleiar, prosjektleiar (for IAaI: instituttleiar) eller ein annan fagperson dei har utpeika og forskingskoordinator ved HVO. Kvalitetssikringa skal utførast av ein annan enn forfattar.

Innhald:

1	Forord	4
2	Stryn kommune i dag: historiske verdslig og geistleg inndelingar	5
3	Innleiing	5
3.1	Definisjon av busetnadssoge	5
3.2	Framdrifta i forprosjektet	6
3.3	Aalandsbøkene	6
4	Modell for Busetnadssoga for Stryn	7
4.1	Generelt – behovet for «ættesoge» eller <i>historisk befolkningsregister</i>	7
4.2	Modell for den generelle historieframstillinga	8
4.3	Prosjektorganisering	8
4.4	Bandinndeling, registerband	8
5	Bustad- og befolkningsregisteret (BB-registeret)	9
5.1	Generelt	9
5.2	IKT-verktøyet Busetnadssoge (BSS)	9
5.3	Grunnleggjande innhald i og funksjon til bustadregisteret	9
5.4	Grunnleggjande innhald i persondelen av registeret	10
5.5	Gangen i arbeidet med BB-registeret: grunnleggjande metode	11
5.6	Gangen i arbeidet med BB-registeret: kjelderegistrering	12
5.7	Gangen i arbeidet med BB-registeret: lenking av personinformasjon	12
5.8	Gangen i arbeidet med BB-registeret: utplassering av persongrupper på bustad	13
5.9	Særskilt om utgjevingstidspunkt i høve til krysstilvisingssystemet i BSS	13
5.10	«Biprodukt»: eit innhaldsrikt elektronisk arkiv	14
6	Status kjeldematerialet for BB-registeret i Stryn	14
6.1	Generelt	14
6.2	Allereie behandla materiale	14
6.3	Dødsbuskifta	15
6.4	Kva med Aalandsbøkene?	16
6.5	Framføring til dags dato (skjemainnsamling)	16
7	Grendesogene og andre element	17
7.1	Grendesogene – større fridom til variasjon	17
7.2	Litteraturindeks	18
7.3	Illustrasjonar: kart, bilde m.m.	18
7.4	Utskiftingskart	19
8	Kvalitetssikring	19
8.1	Generelt	19
8.2	Intern, fortløpande kvalitetssikring	20
8.3	Innhaldet, inkl. bildetekstar og kart	20
8.4	Stadnamn og språkføring («språkvask»)	20
8.5	Komplett manuskript og produksjonstid	21
9	Prosjektorganisering, tentative tidsforbruks- og kostnadskalkylar	21
9.1	Generelt – muleg prosjektorganisering	21
9.2	Delprosjektorganisering	22
9.3	Kostnadsutrekningar i den tentative kalkylen (vedlegg 1)	23
9.4	Meirverdiavgift	23
9.5	Delprosjekt 1: Prosjektleiing, nemnd, reserver, renter	23
9.6	Delprosjekt 2: Bustad- og befolkningsregisteret	24
9.7	Delprosjekt 3: Grendesogene, samanskiving manus	25
9.8	Delprosjekt 4: Illustrasjonar: kart, bilete m.m.	25
9.9	Delprosjekt 5: Kvalitetssikring, ferdiggjering/bokproduksjon	26
9.10	Delprosjekt 7: Inntekter (boksar), fond, salskostnader	26
	Vedlegg:	26

1 Forord

Vi mottok førespurnad om å utarbeide denne rapporten i form av e-post frå leiaren i bygdeboknemnda for Stryn, Jon Rasmus Langeset Vik, datert 30.10.2002.

Vi har forstått oppdraget slik at det er eit klart ønske frå bygdeboknemnda at det skal utarbeidast eit moderne bygdebokverk av den typen ein inn til no stort sett har kalla «gards- og ættesoge», men som vi av prinsipielle grunnar i denne rapporten nemner *busetnadssoge* (sjå definisjon i pkt. 3.1 nedafor). I dette omgrepet inngår soga om busetnaden i kommunen – ikkje berre «gardane» slik den eldre nemninga kan indikere, men òg eldre bustadar som ikkje finst lenger (t.d. husmannsplassar) og all form for nyare bustadar – i meir eller mindre forteljande form. Den eldre sjangeren «gardshistorie» hadde elles innslag av *næringshistorie*, som rett nok stort sett var avgrensa til jordbruket. Vi rår no til at det i staden blir innarbeidd oversyn over næringsutviklinga i tilnærma full breidde på eit topografisk mellomnivå, i form av *grendesoger*.

Det elementet som før vart kalla «ættesoge» skal sjølvsagt vere med, men vi nyttar her i hovudsak nemninga *personregister*.

Utgangspunktet er altså at Stryn ønskjer eit bygdebokverk av høg kvalitet. Ein konsekvens av dette er etter vår meining at kommunen bør utarbeide eit verk som til ein viss grad byggjer på dei eldre Aalandsbøkene, men der hovuddelane blir heilt nyskrivne.

Vi gjer i pkt. 9 framlegg om ein del prinsipp for korleis prosjektet bør organiserast, og kva for tidsforbruk og kostnader som vil følgje med dei einskilte delprosjekta. Men vi vil understreke at dette berre er tentative overslag; det er heilt nødvendig at desse blir reviderte straks det eventuelt er vedteke oppstart av prosjektet med ei fastsett brutto ramme og ein har bestemt korleis arbeidet skal leiast (m.a. om ein får ein prosjektleiar busett i kommunen eller må ha ein tilsett kontaktperson, jf. pkt. 9.5) og omfanget av dei viktigaste elementa som ikkje er gjeve av sjangeren (der omfanget av arbeidet med *grendesogene* er det største, jf. pkt. 7).

Vi vil òg tilrå at bygdeboknemnda for Stryn tek kontakt med Norsk lokalhistorisk institutt når det blir klart om hovudprosjektet skal startast opp og rammene for det. NLI vil da kunne bistå med ev. kontraktsforhandlingar og detaljplanlegging med utgangspunkt i denne rapporten.

Volda, april 2004

Arnfinn Kjelland og Harald Endre Tafjord

2 Stryn kommune i dag: historiske verdsleg og geistleg inndelingar

Områda som i dag omfattar Stryn kommune var på 1300-talet delt inn i tre skipreider: Olden, Nedstryn og Oppstryn. På 1600-talet var talet redusert til to skipreider: Olden og Stryn. Olden skipreide omfatta berre Olden og Loen sokn. Stryn skipreide omfatta sokna Oppstryn, Nedstryn og Utvik og Innvik. Heile området hørde til Innvik prestegjeld.

På midten av 1600-talet høyrer Innvik prestegjeld til Bergenhus len og Nordfjord fogderi. I 1750 hørde området til Bergen stift, Bergenhus amt og Sunn- og Nordfjord fogderi. I 1838 vart Innvik prestegjeld delt i dei to tinglaga Olden og Stryn. Til Olden hørde dei fire sokna Utvik, Innvik, Olden og Loen. Stryn tinglag omfatta sokna Nedstryn og Oppstryn.

Innvik herad vart oppretta i 1837 og var identisk med prestegjeldet, men heradet vart delt alt i 1843, då dei tre sokna Oppstryn, Nedstryn og Loen vart eige herad under namnet Stryn. Innvik herad omfatta etter dette dei tre sokna: Utvik, Innvik og Olden.

Dei to gardane Vollsæter (Vollset) og Nordbrække (Brekke) vart som ein følge av kongeleg resolusjon av 3. mars 1848 overført frå Oppstryn sokn og Stryn kommune til Sunnlyven herad i Romsdals amt.

Garden Hopland hørde opphavleg til Vereide sokn i Gloppen. Denne garden blei på 1800-talet i to omgongar overført til Utvik sokn i Innvik prestegjeld. Bruksnummer 1-5 vart overført i 1857, medan bruk nummer 6-10 vart overført i 1878. Den siste delen av denne garden vart ikkje overført før i 1965.

Olden tinglag vart i 1917 heitande Innvik tinglag samstundes som Loen sokn vart overført til Stryn tinglag.

1. januar 1965 vart Innvik og Stryn slått saman og mesteparten av Hornindal kommune vart lagt under den nye kommunen, resten vart lagt til Eid. Frå 1. januar 1977 vart den delen av Hornindal som tidlegare var slått saman med Stryn skilt ut som eigen kommune.¹

3 Innleiing

3.1 Definisjon av busetnadssoge

Dette er den eine delen (sjangeren) av det ein normalt reknar som eit komplett bygdebokverk. Den blir oftast nemnt som «gards- og ættesoge». Den andre er altså skriving av allmenn, eller generell, kultur- eller samfunnshistorie, gjerne frå dei eldste tider til i dag.

Den vanlege nemninga, gards- og ættesoge, er eigentleg misvisande, for det grunnleggjande prinsippet i slik skriving i dag er at *alle* bustader og menneske i det omskrivne lokalsamfunnet skal nemnast, utan omsyn til kva type busetnad (spesielt må her nemnast moderne bustadfelt) og – for menneska – kva sosial stand, stilling eller tilknytning til det gamle gardssamfunnet (t.d. innflyttarar i slike bustadfelt), innanfor visse avgrensingar.

Med dette prinsippet vil normalt volumet for slike bygdebokverk auke betydeleg, særleg i lokalsamfunn som Stryn, pga. bustadbygginga og tettstadsframveksten dei siste par generasjonane. Det er grunnen til at m.a. Norsk lokalhistorisk institutt (NLI) rår til bruk av ei anna nemning, busetnadssoge o.l., for å unngå at verket blir assosiert berre med ein mindre del av bygda og folket.

¹ Gjerde, Anders. Kommunane i Sogn og Fjordane – grenseendringar gjennom tidene. I *Kjelda - Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane*. Nr.3 2002. og http://www.riksarkivet.no/arkivverket/kilder/medier/mikrofilm/mikrokort/kb-sogn_og_fjordane.html#Stryn

Det er forsøkt fleire variantar av den gamle gards- og ættesogemodellen, men det syner seg likevel at dei aller fleste vel ein modell som i utgangspunktet er nokså lik den som vart utvikla av Andreas Holmsen i arbeidet med Eidsvoll like etter 2. verdskrigen. Forskjellen no er at *all* busetnaden blir teke med, også nyare bustadhus, men utan at nemninga er endra. Også andre kommunar med betydeleg tettstadsdanning (t.d. Sula og Volda, der prosjektleiing blir utført ved Høgskulen i Volda) har slike verk under utgjeving, anten frå nytt eller som ajourføring av eldre bøker.

Prinsippet er at alle hus det har budd folk i, og alle menneske som bur eller har budd i bygda, skal nemnast i bøkene. Det må rett nok gjerast visse avgrensingar, men dei kan ikkje vere sosiale (at ein t.d. ikkje nemner husmenn, s.k. «uekte» barn o.l.). Døme på akseptable avgrensingar kan vere at personar som budde i bygda i mindre enn 2 år, og ikkje var gift med nokon frå bygda, ikkje skal nemnast, o.l.

Disposisjonen av eit busetnadssogeverk, inkl. oppsettet av person- og familieinformasjonen, blir derfor den same som i verk som er nemnt «gards- og ættesoge»: a) ein skriv «historia» om kvar bustad (gardsbruk, husmannsplass, nyare bustadhus) i ei eller anna form, t.d. slik Jacob Aaland gjorde i sine bøker: «Nordfjord frå gamle dagar til no – Innvik – Stryn», og b) under kvar bustad lister ein opp dei menneska som har budd der, i eit «familieoppsett», der eit særskilt viktig element er at det blir gjeve *krystilvisingar* til kvar einskild person kom frå og kvar det vart av ho/han.

Etter ynskje frå bygdeboknemnda skal det første elementet i disposisjonen av busetnadssoga for Stryn vere eit *grendesoge-nivå*, der historia om kvart grendesamfunn skal vere den viktigaste sakprosa-delen i framstillinga (sjå pkt. 7.1). Det nye sogeverket for Stryn skal såleis ikkje vere ei vidareføring av Jacob Aaland sine bøker, som følgjer den tradisjonelle modellen med historiske innleiingar for kvar matrikkelgard.

3.2 Framdrifta i forprosjektet

Arbeidet med forprosjektet tok til i april 2003, og store delar av arbeidet med å få oversikt over det tilgjengelege kjeldematerialet blei gjort dei følgjande månadane. Framdrifta i forprosjektet har etter sommaren 2003 vore noko variabelt, då Tafjord dels har vore opptatt med andre prosjekt og dels ordinært undervisningsarbeid ved Høgskulen i Volda. Kjelland har i denne perioden m.a. arbeidd mykje med det nye dataverktøyet Busetnadssoge (BSS, sjå pkt. 5.2 nedanfor) og oppfølging av Sula-soga og Volda-soga, og har gjennom dette arbeidet hausta nye erfaringar som kjem Stryn-prosjektet til gode.

3.3 Aalandsbøkene

I arbeidet med Busetnadssoga for Stryn startar ein i praksis med blanke ark, men nyttar seg av Aalandbøkene som kjelder på lik line med andre kjelder. I dei fleste samanhengar blir Aalandsbøkene sekundærkjelder, men vil òg i enkelte tilfeller fungere som primærkjelder. Det gjeld opplysningar som det kan vere vanskeleg/umogeleg å finne primærkjelda til (t.d. munnleg informasjon Aaland innarbeidde i sine manuskript).

Bygdesogene til Jacob Aaland skulle opphavleg dekke heile Nordfjord. Etter planen skulle det vere eit verk på fem band, eitt for kvar av dei gamle prestegjelda og eit band med «allmennsoge» for heile Nordfjord. Banda om dei einskilte prestegjelda skulle danne grunnlag for allmennsoga, men dette verket vart ikkje fullført. Arbeidet med sogene tok til alt i siste del av 1890-åra og det første bandet som kom ut var soga om Hornindal og Eid i 1909.

Sidan dei gamle prestegjelda var grunnlaget for banda om dei einskilte bygdene, kom dåverande Stryn og Innvik til å få eit band i lag. «Dei einskilte bygder Innvik – Stryn» (del 1 og del 2) kom i 1932. Dekningsområdet for denne boka er såleis samanfallande med dagens kommunegrenser. Garden Hopland, som tidlegare har vore delt mellom Gloppen og Innvik, er teke med.

Aalandsboka vart populær i Innvik og Stryn og etter kvart som ho vart utseld og nye generasjonar voks til, melde behovet seg for ei ny utgåve. I 1973 (del 1) og 1974 (del 2) gav ei nemnd ut dette bandet på ny. I den nye utgåva vart det gjort mindre endringar, m.a. vart ættelistene ajourførte fram til utgangen av 1964 i tillegg til at ein registrerte husmannsplassar som ikkje var komne med i første bandet.

Om ein skal vurdere kvaliteten på dette verket, må ein ta med i vurderinga at Aaland ikkje hadde dei same teknologiske hjelpemiddel som ein har i dag² og at slike bygdesoger i denne perioden framleis var noko nytt. Aaland var ein pioner innanfor bygdesogesjangeren og blir av mange rekna som ein av grunnleggjarane av gard- og ættesoga. Han mangla difor ein modell for korleis dette kunne gjerast. Ein kritikk mot denne sjangeren har vore at den ikkje femnar om alle gruppene i samfunnet. Denne kritikken kan ein til ein viss grad òg nytte mot bøkene til Aaland, jf. manglande innføring av husmannsplassar. Eit anna trekk ved bøkene er at borna til brukarane ikkje er tekne med, noko som slett ikkje var uvanleg i den første tida, då ein grunna høge trykkekostnader berre tok med det ein fann var mest viktig.

Eit føremonn med Aaland sine bøker er brukarlistene for den eldste perioden (for enkelte bruk frå seinmellomalderen av) og fram mot nyare tid, der Aaland har nytta seg av diplommateriale, jordebøker, tingbøker m.m. Opplysningane her ser ut til å vere truverdige og kan godt nyttast i det nye bygdesogeverket.

Når det gjeld gardssogene til Aaland er desse – trass i at dei er ustrukturerte – òg av høg kvalitet. Det ser ut til at Aaland stort sett har nytta seg av tilgjengelege kjelder som kan kaste lys over eigedomstilhøva frå seinmellomalderen og fram til si eiga levetid. Som i arbeidet med brukarlistene har Aaland her nytta seg av eit rikt kjeldemateriale - som let seg identifisere – og som gjer at ein kan rekne opplysningane her for å vere rimeleg korrekte og fullstendige.³

4 Modell for Busetnadssoga for Stryn

4.1 Generelt – behovet for «ættesoge» eller *historisk befolkningsregister*

Det er i dag framleis vanleg, også i til dels sterkt tettstadsprega kommunar som t.d. Ørsta, Volda og Sula, å legge relativt store ressursar i den delen av eit slik verk som blir nemnt «ættesoge». Det har slett ikkje alltid vore slik at dei faghistoriske miljøa – inklusive Norsk lokalhistorisk institutt – har vore samde i denne ressursbruken.

Vi vil likevel peike på at omsynet til vanlege innbyggjarar utan særskilt interesse for historie eller lokalhistorie tilseier at ein slik del blir innarbeidd i bygdebokverket. Det at alle innbyggjarane i ein kommune finn ikkje berre namnet sitt men også visse tilleggsopplysningar, samt tilsvarende opplysningar for tilnærma alle andre innbyggjarar i kommunen i eit kryss-tilvisingssystem som gjev all tilgjengeleg slektshistorisk informasjon, medfører også at slike bøker har eit betydeleg større marknadspotensiale enn dei aller fleste andre slag (lokal-) historiske bøker. Dette er eit viktig, ikkje-fagleg tilleggsmoment når ein utgjevar skal vurdere om eit slikt prosjekt skal setjast i gang eller ikkje.

Vårt syn er derfor at i prinsippet alle som bur eller har budd i kommunen skal nemnast med så langt mogeleg dei same opplysningane (født år, født kvar, gift med, ev. død år, foreldre til, kvar dei har budd og ev. nokre enkle yrkesopplysningar). Visse avgrensingar må gjerast av omsyn til tilgjengeleg kjeldemateriale og arbeidsomfang, men grunnprinsippet bør stå fast.

² Det gjeld sjølvsgatt EDB/IKT som reidskap til registrering av og søking i kjeldene, skriving m.m., men det gjeld òg slikt som mikrofilma kjelder, kopimaskin o.a. som den gong ikkje var teke i bruk.

³ For ei grundigare vurdering av Aalandsbøkene og kva kjeldemateriale som er nytta, sjå vedlegg 4.

Eit tilleggsmoment i denne samanhengen er at ny IKT-programvare (BSS, sjå pkt. 5.2) gjer utarbeidinga av eit slikt *historisk befolkningsregister* for Stryn til ein vesentleg enklare (dvs. billigare) arbeidsoperasjon og med vesentleg høgare kvalitetsnivå enn tidlegare. Dette systemet gjer sjansen til å få eit slikt prosjekt til å gå i økonomisk balanse betydeleg større enn før, og vi baserer analysane i denne rapporten på at dette verktøyet skal brukast i arbeidet med Busetnads-soga for Stryn.

4.2 Modell for den generelle historieframstillinga

Befolkningsregisterdelen bør altså ligge fast. Men den åleine er berre ei beingrind av (i hovudsak) namn og årstal. Eit bygdebokverk bør tilføre kjøt på beina. Sogenemnda i Stryn ynskjer at ein nyttar seg av den såkalla «grendemodellen», der ein ikkje skriv detaljert om kvart bruk/kvar plass slik det vanlegvis har vore gjort (m.a. i Aalandsbøkene), men skriv ei breiare samfunns-historie om ein større del av kommunen – det som vanlegvis blir kalla ei grend eller bygdelag – som innleiing til bustad- og befolkningsregisteret for same del av kommunen.

Etter som alle grender/bygdelag har vore prega av jordbruksbusetjing langt opp mot vår tid blir dette i alle fall i stor grad ei historie om denne næringa og busetjinga, men det opnar òg for at andre sider ved livet og utviklinga i grendene får ein plass i framstillinga. Dette er særleg viktig for nyare tid og dei delane av kommunen der tettstadsframvoksteren har vore størst (og der den kanskje største marknaden for dei ferdige bøkene ligg, jf. pkt. 9.10).

4.3 Prosjektorganisering

Skrijving av eit grendesogeverk for noverande Stryn kommune vil måtte kallast eit tungt kulturvernprosjekt, utan omsyn til kva for modell ein vel. Det er snakk om fleire millionar i kostnader, før utgjevar får att heile eller delar av utgiftene i form av salsinntekter for ferdige bøker.

Slike prosjekt har alt for ofte hatt for dårleg planlegging og styring. Vår tilråding er at arbeidsoppgåvene så langt mogleg blir delt inn i delprosjekt som blir kalkulererte kvar for seg, og som saman med framdriftsplanar kan nyttast som styringsreiskap for utgjevar. Vårt forslag til slik delprosjektorganisering av Busetnadssoga for Stryn er gjeve att i pkt. 9.1 nedanfor. I nokre av punkta før refererer vi til nummer på delprosjekta nemnt der.

4.4 Bandinndeling, registerband

Organiseringa av stoffet i band har ikkje vore drøfta med nemnda. Som generell regel kan ein kanskje seie det er betre med fleire og litt tynnare band, enn færre og tjukkare. Kostnadene ved trykking spelar ikkje lenger nemnande rolle, og handteringa av tynnare bøker er lettare enn tjukke. Slike band bør ikkje i noko tilfelle vere meir enn 500 sider, og helst ikkje over 400. det bør òg vere ei viss balanse i høve til bygdelaga innan kommunen, men ein *må* sjølv sagt ikkje gjere alle bande like tjukke.

Det er ikkje lenger noko poeng å halde sidetalet nede for å spare kostnader. Tvert i mot er det truleg lønnsamt å vere raus med illustrasjonar (kart og bilde, jf. pkt. 7.3), og ikkje nytte for lita skrift ved trykkinga. Dessutan er det ei kjent sak at ein kan rekne (folk vil akseptere) ein høgare pris til saman for to band à 350 sider enn for eitt band på 700 sider.

For oss kan det derfor sjå ut som om ei inndeling av Stryn i fem «bandområde» kan vere naturleg (sjå vedlegg 2, her er «grendenivået» ikkje komplett). Det burde gjere det muleg å lage band i storleik 400–450 sider.

I tillegg vil det no – viss Stryn vel å ta i bruk BSS-systemet til personregisteret (sjå pkt. 5.2 og følgjande) – bli muleg å lage nær sagt alle slags register til verket. Ein ofte påpeikt mangel ved dei aller fleste slike verk er nettopp fråveret av gode register; det er særst arbeidskrevjande å lage slike manuelt. Ved bruk av BSS vil det bli muleg å lage register over bokstaveleg tala *alle*

personar som er nemnte i alle banda (det er neppe aktuelt), med nøyaktig tilvising. Men ein vil kunne lage register over t.d. alle utanbygds slekts- og stadnamn, over innanbygds slektsnamn i siste generasjon, over alle nolevande (altså utan registrert dødsår) osv. Desse registra er det systemet som lagar, og dei kan samlast i eit eige registerband på kanskje 2–300 sider. Eit slikt band vil vere sær s rimeleg å produsere, og ein kan ta ein pris som gjer det til eit rimeleg solid tilskot til den samla finansieringa av prosjektet (sjå pkt. 9.10).

5 Bustad- og befolkningsregisteret (BB-registeret)

5.1 Generelt

Bustad- og befolkningsregisteret (forkorta BB-registeret) tilsvarar altså i det etterfølgjande eit komplett historisk bustadregister (med visse opplysningar om kvar bustad) kopla til eit historisk befolkningsregister, slik det er gjort greie for nedafor.

Dette arbeidet kan leggjast opp på fleire måtar. Det er i praksis ikkje råd å gje ein heilt generell metode; ein må tilpasse arbeidsgangen til kjeldesituasjonen i det enkelte prosjektet. I det etterfølgjande har vi derfor teke konkret utgangspunkt i to konkrete føresetnader, a) ei analyse av stoda når det gjeld kjelder og eldre bygdebokverk i Stryn, og b) status for det viktigaste hjelpe-middelet i slikt arbeid, IKT-systemet BSS, og gjev tilrådingar etter det.

5.2 IKT-verktøyet Busetnadssoge (BSS)

Arnfinn Kjelland ved Høgskulen i Volda har sidan 1999 vore fagleg leiar for eit prosjekt som har hatt som formål å utvikle eit heilt nytt, fleksibelt IKT-verktøy for utarbeiding av bustads- og befolkningsregisterdelen av slike bygdebokverk. Systemet er nemnt Busetnadssoge, kortform BSS. Ein del sentrale dokument frå dette prosjektet er lagt ut her:

<http://tilsett.hivolda.no/ak/BSS/Busetnadssoge.html>

Som ein kan sjå, er systemet følgt opp av Norsk lokalhistorisk institutt og ei breitt samansett referansegruppe med dei fremste fagfolka innafor denne og tilgrensande historisk-demografiske fagområde. M.a. rår IKT-utvalet til NLI (der Kjelland er medlem) til at BSS-systemet blir nytta i prosjekt som pr. i dag ikkje er komne i gang med andre metodar. Også prosjekt der det er gjeve ut band etter tradisjonell metode eller med eldre system, vurderer overgang til BSS.

Busetnadssoga for Styn er sjølv sagt ikkje forplikta til å ta BSS-systemet i bruk, men vi vil – trass i at Kjelland har ei sentral rolle i utviklingsarbeidet – sterkt rå til at prosjektet bygger på bruk av systemet. Vi bygger òg denne gjennomgangen på funksjonaliteten i BSS.

Gjennom dette utviklingsarbeidet har ein nemleg vore nøydd til å analysere gangen i eit slikt arbeid nokså grundig, med utgangspunkt i 100 års erfaring med sjangeren frå tida med heil-manuelle rutinar og metode (slik t.d. Jacob Aaland var ein eksponent for) via dei drygt 20 siste åras prøving og feiling med diverse meir generelle datasystem. BSS legg opp til enkle og effektive løysingar av rutinar som i før-dataalderen var sær arbeidskrevjande, i tillegg til stor fleksibilitet for kva metode forfattaren vil nytte.

5.3 Grunnleggjande innhald i og funksjon til bustadregisteret

Dette registeret er for så vidt utan særskilde prinsipielle problem. Det vil vere om å gjere å få oversyn over i alle bustader (som kan definerast som hus der det har budd folk fast i kortare eller lengre tid) som har eksistert i kommunen, i prinsippet frå dei eldste tider til dags dato. I praksis må ein gjere ein del avgrensingar, og for tida før 1800 vil eit slikt register bli mindre og mindre fullstendig dess lenger attende ein kjem.

For perioden etter 1800 vil ein kunne rekne med å klare å få eit tilnærma komplett oversyn over desse bustadene, i alle fall dersom ein har ressursar til å utnytte dei viktigaste kjeldeseriane.

Bustadregisteret må ha ein s.k. hierarkisk struktur, dvs. ein tek utgangspunkt i toppnivået (kommunen), som ein deler i *seksjonar*, normalt tilsvarande den planlagde bandinndelinga i verket (sjå vedlegg 2). Innan kvar seksjon legg ein så inn eit områdenivå, som det er naturleg å knyte til grendene/bygdelaga, og under kvar grend oppretter ein så dei s.k. «namnegardane».⁴ Alle bustader, om dei eksisterer i dag eller er borte, må plasserast innfor eit namnegardsområde. Det kan føre til at ein må konstruere uhistoriske «namnegardar», som t.d. eit sameigeområde med husmannsplassar under gardar som ligg eit stykke unna, eller – meir vanleg – eit regulert bustadfelt som ligg på grunn som er kome frå fleire gamle slike gardar.

Ein byggjer eit slikt bustadregister i BSS-systemet nokså enkelt. Harald E. Tafjord har alt registrert hovudstrukturen i Stryn ned på namnegardsnivå, sjå vedlegg 2.⁵

I praksis tek ein utgangspunkt i bustader registrert i folketeljingane og andre kjelder (matriklar, eldre manntal, skattelister o.l.). Så utvidar ein dette registeret parallelt med at ein «grev seg ned i» kjeldematerialet, og oppdagar nye buplassar i mindre lett tilgjengelege kjelder (døme: kart og omtale av inn- eller utmarksutskiftinger, andre gamle kart, namnebruk i kyrkjebøker som kan tyde på eksistens av bustader som ikkje er registrert før osv.).

For den eldre delen av registeret må ein i hovudsak bygge på eksisterande skriftlege kjelder, medan ein for den nyaste delen bygger på materiale innsamla for dette prosjektet, først og fremst spørjeskjema utsendt til alle husstandar i kommunen og andre munnlege kjelder.

Bustadregisteret dannar så grunnstammen, som den andre delen, personregisteret, skal knytast opp mot. Kvar person som har budd i bygda skal i prinsippet minst koplast til den bustaden vedkomande vart fødd på (eller ev. flytta inn til viss ho/han kom utabygds frå). For dei fleste personar gjeld dette *fleire* bustader som dei har budd på gjennom livet.

Denne samanknyttinga av personar og bustader skjer ved hjelp av det BSS-systemet kallar ei *persongruppe*, som vanlegvis vil vere det vi forstår med ein familie, men som kan vere t.d. enkeltpersonar eller ugifte syskjenn som driv ein gard o.l. BSS-systemet har ein modul som koplar persongruppene til bustadene og automatisk genererer alle relevante krysstilvisingar (kvar ein person eller ei persongruppe kom frå eller flytte til, titusenvis av enkeltinformasjonsbitar). Dette er ei særskild arbeidskrevjande oppgåve som elles måtte gjerast manuelt av forfattaren.

5.4 Grunnleggjande innhald i persondelen av registeret

Hovudproblemet med samansetjing av eit skikkeleg kvalitetsmessig bustad- og befolkningsregister etter tradisjonell metode er altså å få alle krysstilvisingane på plass. I prinsippet vil alle personar som nemnt bli plasserte i ei persongruppe (ein familie) på ein bustad, med opplysning om tidsperiode gruppa budde på bustaden. For alle personar i gruppa (familien) skal ein i tillegg til fødselsår (ev. -dato) finne ei av følgjande opplysningar:

- a. dødsår (ev. med yrkesopplysning viss vedkomande nådde vaksen alder, men ikkje flytta frå fødestaden til eigen bustad), eller
- b. opplysning om utflytting frå kommunen, ev. stad ho/han flytte til/slo seg ned, namn og årstal for ektefelle og kortfatta om yrke (men ikkje namn på etterkomarar fødte utafør Stryn), eller
- c. ei krysstilvising til ein annan bustad innfor grensene for Stryn kommune, slik at vedkomande kan finnast att ein annan stad i bygdebokverket, eller

⁴ Det meir tradisjonelle matrikkelgardsomgrepet kan nyttast, men er fagleg sett mindre egna pga at det kan finnast fleire matrikkelgardar innfor same namnegardsområde. Det kan skape problem med den geografiske avgrensinga av eininga.

⁵ I vedlegget er rett nok ikkje grendenivået komplett, pga. at det for delar av kommunen må drøftast nærare korleis avgrensingane bør vere. Den drøftinga kan vente til ein veit om hovudprosjektet blir sett i gang.

- d. innføringa «elles ukjent» (tilsv.) dersom ein ikkje har funne andre opplysningar om vedkomande enn at ho/han er fødd, etter gjennomgang av kjeldene etter eit visst system.

Ein saknar kanskje foreldra i denne oppstillinga. Men når systemet er konsekvent gjennomført – slik det automatisk skjer ved bruk av BSS-systemet – følger det automatisk at alle foreldre får tilsvarende tilvisingar, ved at det der dei er fødte står kvar dei er å finne andre stader i boken. Unntaket er innflytta familiar, der det sjølvstundt berre må stå kvar dei er flytta inn frå.

Bruk av BSS-systemet til dette arbeidet sikrar at bustad- og befolkningsregisteret for Stryn vil fylle vitskaplege krav, inkl. at kvar person får krysstilvising til *alle* bustadene ho/han blir knytt til, bygd opp etter ein etterprøvbar metode. Ingen annan framgangsmåte gjev tilfredsstillande kvalitet på eit slikt register, for andre formål enn dei reint slektshistoriske.

5.5 Gangen i arbeidet med BB-registeret: grunnleggjande metode

Når kjeldematerialet er samla og det som skal dataregistrerast er gjort, kan forfattaren velje fleire framgangsmåtar om ho/han veljer å bruke BSS-systemet. Men vi meiner den tradisjonelle, som vart utvikla for mange tiår sidan, likevel er den beste.

Her må det nemnast at det slett ikkje er nødvendig å dataregistrere *alle* kjelder forfattaren må benytte seg av i arbeidet. Dei som må registrerast er i hovudsak dei kjeldene der det er viktig personinformasjon *som ikkje opphavleg er systematisk samla*.

Ein kunne t.d. tenkje seg at ein ikkje dataregistrerte folketeljingane, fordi personane der jo i prinsippet alt *er* plasserte på bustader. Men det vi da gløymer, er alle dei som *ikkje* budde på føde- eller heimstaden på teljingstidspunktet, men var mellombels andre stader, enten på reise, i tenest o.l.. Desse må ein søkje etter, derfor er det viktig å ha folketeljingane dataregistrerte og importerte i BSS-systemet.

Eit døme på ei kjelde det normalt neppe vil vere rekningsssvarande å registrere er panteregistra (grunnboksregistra); her er bustadinformasjonen i utgangspunktet ordna etter gards- og bruksnummer og dermed enkel å finne fram i. Ved frådeling av nye eigedomar er det vanlegvis t.d. vist til sidenummer i grunnboka der informasjon om det frådelte bruksnummeret finst.

Metoden går i korte trekk ut på at forfattaren ordnar alt stoffet som ikkje er dataregistrert og lagt inn i BSS i gardsmapper (tilsv.), t.d. ei mappe pr. namnegard eller gardsbruk etter kor stor mengd papirbasert stoff ein har samla.⁶ Når dette er klart, kan arbeidet med oppbygginga av BB-registeret starte.⁷

Det naturlege er da å starte i ein ende av kommunen, og så lage seg eit grovskjelett over bustadstrukturen under den første namnegarden ved hjelp av grunnbøkene, matriklane osv. Vi rår til at ein for Stryn nyttar det velprovde elementet *bruksdelingsskjema* (sjå døme frå Lom i vedlegg 3).⁸ Forfattaren teiknar opp skjemaet, skriv på brukar og ev. ektefelle på dette, noterer seg husmannsplassar osv. Parallelt kan t.d. kjelderegistrering gjerast. Så kan søkjinga etter og lenkinga av personhendingar og utplassering av familiarne i BSS-systemet starte.

⁶ Ein kan nok tenkje seg eit fulldigitalisert kjeldemateriale, men da må denne typen informasjon skannast og lagrast på maskina i bildeformat. Førebels tvilar vi på at dette er rekningsssvarande.

⁷ Her skal det nemnast at vi førebels ikkje har direkte praktisk erfaring i desse operasjonane med BSS i fullt bruk frå starten av eit prosjekt. Det kan derfor tenkjast at dei prosedyrane som er skildra her kan forenklast noko.

⁸ I eit slikt skjema er gardshistoria framstilt frå ca. 1600 til ca. 1900 eller lenger fram som ei søyle der det er merkt inn oppdeling av nye bruk og periodar for brukarar. Samstundes får forfattaren oversyn over alle registrerte bustadeiningar (vil mangle husmannsplassar o.a. element som ikkje finst i dag og som ikkje har vore skylddelt. Ved hjelp av skjemaet kan forfattaren lenke og kople saman personopplysningar til familiar og lenke familiarne til bustadregisteret ved hjelp av BSS.

5.6 Gangen i arbeidet med BB-registeret: kjelderegistrering

Arbeidsgangen bør vere slik at dei mest sentrale kjeldeseriane blir registrert først. Mykje av dette arbeidet er alt gjort for Stryn, m.a. er kyrkjebøkene registrerte i tillegg til at ein har fått tilgjenge til dei folketeljingane som er dataregistrerte (oversikt over det registrerte materialet, sjå vedlegg 5). I tillegg bør ein registrere dødsbuskifta (jf. pkt. 6.3) og i alle fall nokre av dei eldre skattelistene. Helst burde òg dei eldre tingbøkene (rettsprotokollane) vore edb-registrerte, for å finne attende til saker der gardar og folk er nemnde, men det kan vise seg å vere for arbeidskrevjande.

Ein bør òg vurdere å registrere delar av kjeldematerialet som er tilgjengeleg i Aalandsarkivet., utan at vi innanfor rammene av forprosjektet har funne tid til å gå i detalj på desse punkta (dvs. gjere forsøk på å kalkulere omfanget av slik registrering). Nokre av dei eldre skattelistene for Stryn (den s.k. skoskatten frå 1711, ekstraskattar frå 1702 og 1764), er det nødvendig å registrere frå originalkjeldene i Riksarkivet. I høve til dei seriane som alt er registrerte, er desse av begrensa omfang.

Ein må i slikt arbeid skilje mellom to typar kjelder: eldre, ope tilgjengelege historiske kjelder som kyrkjebøker fram til litt ut i 1930-åra, folketeljingar fram til og med 1900, dødsbuskifteprotokollane og sorenskrivaren sine dødsmeldingslister fram til dags dato. Dette er eksisterande, historiske kjelder som ein har faste rutinar for å utnytte.

Den andre typen er kjelder eit slikt prosjekt produserer sjølv, gjennom meir eller mindre systematisk innsamling av informasjon frå bygdefolket, ved bruk av skjema og/eller intervju. Denne er òg to-delt: tidlegare innsamla informasjon som er arkivert eller publisert (slik det t.d. er i Stryn, i form av dei oppdaterte Aalandsbøkene), og informasjon ein no vil samle inn i samband med fullføringa av eit nytt prosjekt.

Det er altså nødvendig å behandle også Aalandsbøkene – som andre tilsvarande bøker – som *kjelder* til visse typar informasjon (jf. pkt. 6.4). Det gjeld først og fremst a) flytteinformasjon attende til siste halvdel av 1800-talet, der dei ordinære kjeldene er mangelfulle, men der ein må rekne med at Jacob Aaland sjølv og dei som administrerte den oppdaterte versjonen av bøkene samla inn informasjon rundt om i heimane, og b) hovudinformasjon om personar og familiar frå perioden etter dei ordinære kjeldene er sperra (dvs. frå 1930 for dåpslistene og 60-årsfristen for andre kjelder) og fram så langt Aalandsbøkene er ajourførte.

Dersom målet er raskast mogeleg utgjeving av bøker, bør ein nok vurdere å starte vidare innsamling av informasjon om den nyaste tida i rimeleg snart etter prosjektet er vedteke igangsett. Denne innsamlinga skjer i all hovudsak i kvar heim i bygda, og ein må nytte særskilde skjema der det framgår i detalj kva opplysningar ein vil ha (sjå pkt. 6). I Olden har dette arbeidet starta, eit arbeid som er verdifullt og som må vidareførast for alle delar av kommunen, ev. etter justering av skjemaforminga.

5.7 Gangen i arbeidet med BB-registeret: lenking av personinformasjon

Den verkeleg store vinsten ved bruk av BSS får ein altså gjennom den store arbeidsoperasjonen som ein vanlegvis kallar *lenking og kopling av personinformasjon*. Med dette meiner ein framfinning av i prinsippet *alle* kjeldehendingar⁹ som gjeld ein og same person¹⁰, og så markere at desse er lenka saman til *ein* slik historisk enkeltperson.

⁹ Ei *kjeldehendning* er ei bestemt innføring i ei historisk kjelde, t.d. ein vigsel, dåp eller jordfesting i ei kyrkjebok.

¹⁰ Ei *personhendning* er innføringa om ein bestemt person i ei kjeldehendning. Ein dåp inneheld derfor normalt minst to eller tre slike personhendningar: dåpsbarnet (hovudperson), far og ev. mor. (I tillegg inneheld alltid desse innføringane 5–8 personhendningar til – fadrane – men desse blir sjeldan dataregistrert og nytta i lenke/koplearbeidet.)

Med meir eller mindre manuelle metodar er dette særskild arbeidskrevjande; forfattaren må lage seg eit avkryssingssystem med tilvising til ein stad ho/han har plassert personen, slik at ho/han kan finne vedkomande att seinare når det oppstår tvil om identifiseringa. Dette vil normalt skje titt og ofte i eit slikt arbeid. Det er dermed òg betydeleg risiko for feillenking; ein har ingen sikring for at ikkje *ei* personhending blir lenka til *fleire* personar ved brukarfeil av forfattaren.

BSS har ein særskild effektivt og fleksibelt søkemodul, som gjer det muleg i løpet av få sekund å søkje gjennom bokstaveleg tala fleire hundre tusen personhendingar etter hendingar som kan gjelde ein og same personen. Ein får opp eit utval hendingar som tilfredsstillar dei søkjekriteria ein har sett opp (t.d. gards- og fornamn), og kan så vurdere kva for hendingar i lista som gjeld same person. Når den vurderinga er gjort – og den må sjølvstendig gjerast av ein kvalifisert person («bygdebokforfattar»); inga datamaskin kan gjere ho – markerer brukaren (forfattaren) desse hendingane og etablerer personen med eit par museklikk. Hendingalista til ein allereie etablert person kan òg supplerast dersom nye kjelder eller annan informasjon tilseier det.

Gjennom konvertering av dei dataregistrerte kjeldene blir òg all informasjon om *relasjonane* mellom element (personar: foreldre/barn, sysken, partnerrelasjonar) og mellom personar og bustader teke vare på. Ved etablering av personar i BSS-systemet blir derfor samstundes dei biologiske relasjonane teke vare på, og dermed familieoppsettet.¹¹ Ved å lenke ferdig personane får ein altså tilnærma automatisk med alle familierelasjonar, dvs. ferdige persongrupper.¹² I tillegg får ein direkte opp liste over alle bustader ein person eller ei persongruppe har vore knytt til gjennom den perioden han/ho/dei har eksistert.

I denne BSS-modulen er det vidare enkle tekstbehandlingsfunksjonar slik at forfattaren både kan skrive inn korte «huskelappar» (merknader) for eige bruk i det vidare arbeidet og ferdige historiske kommentarar til enkeltpersonar og persongrupper (familiar) som skal med i den trykte versjonen.

5.8 Gangen i arbeidet med BB-registeret: utplassering av persongrupper på bustad

Siste tekniske operasjonen er å plassere ut persongruppene på dei bustadene der dei har budd. Her har BSS hjelpeskjerm bilde som syner kva for bustadnamn som er registrert på personane i kjeldehendingane. Saman med bruksdelingsskjemaet for den garden forfattaren arbeider med, og det at BSS gjer det enkelt å registrere nye bustader etter kvart, gjer at det er muleg å plassere ferdig ei persongruppe (ein familie) på dei bustadene dei har vore knytt til straks ho er rekonstruert. På denne måten treng ein knapt ta att ein familie når den først er etablert og utplassert; ein funksjonalitet vi trur vil vere særskild arbeidsbesparande i eit slikt prosjekt.

I samband med slik utplassering har BSS same funksjonalitet som for ferdig lenka personar og persongrupper: forfattaren kan skrive inn eigne merknader og ferdige historisk kommentarar til persongruppene på kvar bustad dei har budd på (døme: «Denne familien kjøpte garden på auksjon i 1848 og reiste til Amerika i 1862.»)

Siste funksjon i BSS-systemet er så utskrift av innhaldet direkte til tekstfiler som kan vidare bearbeidast i ein tekstbehandlar eller sendast direkte til trykking.

5.9 Særskilt om utgjevingstidspunkt i høve til krystilvisingssystemet i BSS

Utan omsyn til kva for system ein nyttar, er det ofte eit problem at utgjevar i slike prosjekt ønskjer trykke første band så raskt som muleg for å få inntekter til å dekkje dei store utgiftene i

¹¹ Denne operasjonen vart kalla *kopling av personar til familiar* når dette arbeidet vart gjort manuelt ved hjelp m.a. av utskrifter frå kyrkjebøkene på kartotek kort, lappar o.l., slik det alltid vart gjort i «før-dataalderen».

¹² Systemet handterer sjølvstendig alle mulege variantar av «dine, mine og våre barn». Dette er som kjent ikkje eit nytt fenomen; forskjellen i høve til eldre tid var at da *døydde* foreldre oftare i yngre år, og atlevande ektefelle måtte vanlegvis gifte seg opp att for å sikre hushaldet den arbeidskrafta som det i det gamle (fiskar-) bondesamfunnet hadde behov for.

første del av prosjektperioden. Men når ein i personregisteret («ættesoga») òg sjølv sagt ønskjer å ha eit så *rett* krysstilvisingssystem som råd er, krev det i prinsippet at *heile* bustad- og personregisteret er oppbygd og ferdig *før* første band blir trykt. Grunnen er at det alltid vil vere personar som har flytta mellom dei forskjellige geografiske band-områda, og som det må vere krysstilvisingar til. Krysstilvisingssystemet er ikkje 100 % før ein er ferdig med bearbeidinga av *heile* undersøkingsområdet (kommunen).

Dette er særskilt viktig ved bruk av BSS fordi dette systemet som nemnt vil bli utbygd med omfattande funksjonar for å produsere register.

BSS vil likevel bli utvikla slik at ein kan gje ut eitt og eitt band utan at *heile* undersøkingsområdet er ferdig behandla. Det vil da føre til ufullstendige (men ikkje feilaktige) krysstilvisingar for dei personane som har flytta mellom band-områda. Døme frå ein tenkt barneflokk: «3. Kari f. 3.10.1745, sjå Berg (14).», som da berre vil vise til «Uplasserte under Berg», fordi ein berre veit at Kari vart gift dit, men ikkje til kva gardsbruk, før alt stoffet om den garden er gjennomarbeidd. Så må ein i det aktuelle, seinare bandet under «Uplasserte under Berg» (14) legge inn ei tilvising vidare til det bruket og den familien vedkomande eigentleg står.

I eit komplett system kan den fullstendige tilvisinga t.d. vere: «3. Kari f. 3.10.1745, sjå Ola-garden, Berg (3-8).», der ein både får med bruksnamnet og familienummeret i første omgang.

5.10 «Biprodukt»: eit innhaldsrikt elektronisk arkiv

Gjennom bruk av BSS-systemet vil Stryn som eit biprodukt altså få det vi veljer å kalle eit (tilnærma) komplett *historisk befolkningsregister*, der ein har alle personar og bustadene dei har budd på frå 1600-talet og til i dag.

Kva eigentleg eit slikt register kan nyttast til har vi førebels ikkje fullt oversyn over. Ein kan i alle fall halde ein slik base ved like på ein heilt annan måte enn gjennom tradisjonell bygdebok-utgjeving. Basen vil òg kunne nyttast til diverse analyser av samfunnsforhold i kommunen i alle fall attende til midten av 1700-talet, da ein må rekne med at kjeldene begynner å bli rimeleg fullstendige.

Vi vil likevel peike på eit forhold ein ikkje må gløyme: oppbygging av eit slikt befolkningsregister ved hjelp av BSS-systemet vil vere meldepliktig i høve til personvernreglane, og innhaldet må ikkje spreiest ukontrollert. Det vil òg bli lagt inn eit vilkår om avlevering av ein kopi av databasen til eit offentleg forskingsarkiv i samband med at eit prosjekt blir avslutta.

6 Status kjeldematerialet for BB-registeret i Stryn

6.1 Generelt

Som nemnt framafor må altså stort sett alt relevant kjeldemateriale vere ferdig dataregistrert og importert i BSS-systemet før arbeidet med lenking av personhendingar kan starte. Her er Stryn kommune i ei sær heldig stilling, i og med at det aller meste av det viktigaste kjeldematerialet allereie er dataregistrert og blir stilt til disposisjon for prosjektet utan nemnande kostnader for kommunen/bygdeboknemnda.

6.2 Allereie behandla materiale

For Stryn kommune er kyrkjebøkene i dag å finne både i trykt og dataregistrert form. Rune Bergesen og Sven Stensen i Bergen har stått for dataregistreringa og sagt seg villige til at ein kan gjere seg nytte av dette materialet i eit bygdebokprosjekt. Kyrkjebøkene er dataregistrert i heilskap for perioden 1750–1900, medan det for perioden etter 1900 er registrert så langt som ein har fått tilgang til materialet. Felles for desse er at dei går fram til etterkrigstida, faktisk fram

til 1960/70-talet. Det vedlagte oversynet over kyrkjebøkene gjev meir detaljert informasjon om dette. Dei trykte kyrkjebøkene, utgjevne av Sogegruppa i Oldedalen og Strendene Bondekvinnelag, dekkjer perioden 1750–1900.

Vi har gjort nokre samanlikningar av dei dataregistre og dei trykte utgåvene av kyrkjebøkene, for å kunne vurdere om dei dataregistrerte kan nyttast direkte i BSS-systemet. Desse har synt at det bra samanfall mellom dei to registreringane, noko som tyder på at dette er grundig og godt gjennomført arbeid. Mindre avvik eksisterar, noko som kan skuldast mindre trykkfeil, ulik bruk av normering av namn og enkelte feil i avskrift. Eit føremon her er at ein kan nytte den trykte utgåva som korrektur av den dataregistrerte.

I det overleverte datamaterialet frå Bergesen og Stensen er det òg anna materiale, der det viktigaste er folketeljningane frå 1801, 1865 og 1900. Desse teljingane er truleg registrerte uavhengig av tilsvarande teljingar i Digitalarkivet, og det er da sannsynleg at dei er av noko betre kvalitet. Det må likevel vurderast om ein skal nytte DA-teljningane i dette prosjektet, pga. at det vil bli utvikla spesialtilpassa rutinar for import av desse til BSS. Bergesen og Stensens teljingar er i eit anna format enn DA sine og kan dermed vere meir arbeidskrevjande å importere.

Materialet deira inneheld òg andre registrerte kjelder som t.d. koppskatten frå 1645 og matrikkelen frå 1838 (jf. vedlegg 5).

6.3 Dødsbuskifta

Denne viktige kjeldeserien er ikkje registrert for Stryn. Jacob Aaland har brukt han, men vi er usikre på om han gjorde det heilt systematisk, dvs. utnytta *alle* eksisterande dødsbuskifte slik det er ein stor fordel at ein gjer i eit slikt prosjekt.

Skiftematerialet er rimeleg omfattande. Skifta er fortløpande innførte i eigne protokollar for heile Nordfjord. Sorenskrivaren reiste rundt på bygdene og heldt skiftesamlingar etter behov, og ein vil derfor finne skifte frå Stryn inn i mellom dei andre tinglaga i sorenskrivardistriktet. Alle protokollane må derfor i utgangspunktet gjennomgåast. Dette er alt gjort i regi av Fylkesarkivet for perioden 1690–1853, og oversynet er utlagt på Digitalarkivet. Det syner at det finst 2.082 skifte frå Stryn skipreide, 931 frå Olden skipreide og 41 frå Innvik skipreide for denne perioden, til saman 3.054 skifte. I kvart skifte er det normalt nemnt 5–10 personar med slekts- eller andre relasjonar i høve til arvelatar(ane). Skifta er derfor ei sær viktig kjelde for personregisteret.

Vi rår derfor til at person- og relasjonsinformasjonen i denne kjelda blir registrert. Det vil bli utvikla ein generell, frittståande registreringsmodul for denne typen kjelder knytt til BSS-systemet (som òg vil kunne nyttast til dei andre kjeldene som ikkje er registrerte, t.d. delar av Aalandsbøkene, jf. pkt. 6.4.). Men det er elles ikkje problematisk å nytte eit standard registreringsformat (t.d. i MS-Excel) for denne kjelda.

Rune Bergesen og Sven Stensen (sjå pkt. 6.2) har sagt seg viljuge til å registrere også denne kjelda utan særskilt godtgjering. Det er eit sær godt tilbud, for viss dette arbeidet skulle vore gjort ved tilsett arbeidshjelp ville det sikkert medført fleire månadsverks lønnskostnader (inkl. opplæring). Det vil da rett nok vere nødvendig med å kjøpe inn mikrofilmar av materialet. Vi har ikkje kontroller kor mange filmar det dreier seg om, men kostnaden vil neppe overstige nokre tusen.¹³

¹³ Dette innkjøpet er òg nødvendig om ein skulle registrere materialet på annan måte, og kan så seinare inkluderast i den verdfulle mikrofilmsamlinga som alt finst på biblioteket i Stryn.

6.4 Kva med Aalandsbøkene?

Som nemnt før (pkt. 5.6) inneheld desse ein del originalinformasjon ein ikkje kan rekne med å finne andre stader (flytteinformasjon attende til siste del av 1800-talet og generell familieinformasjon for tida etter ca. 1930).

På den andre sida er informasjonen i dei (sjølvsgt) relativt godt bearbeidd allereie (familiane er sette saman og plassert på bustadene). Ein kunne derfor tenkje seg at det ikkje var nødvendig å registrere informasjonen *som kjelde*, berre innarbeide den i samband med ferdigredigeringa.

Vi er likevel – ut frå erfaringa med bruken av dei eldre Voldasoge-bøkene i BSS-basen for Volda-prosjektet – komne til at det sannsynlegvis vil vere mest effektivt å registrere den viktigaste informasjonen i bøkene på nytt, men da på ein vesentleg enklare (og dermed raskare) måte enn det vart gjort for Volda. Som nemnt i pkt. 6.3 om dødsbuskifta vil det bli utvikla ein generell, enkel registreringsmodul knytt til BSS, som vi tek sikte på skal kunne nyttast også til slike kjelder.

6.5 Framføring til dags dato (skjemainnsamling)

Prinsippa for framføringa av BB-registeret til dags dato skil seg ikkje frå arbeidet med den eldste perioden. Men tradisjonelt, skriftleg kjeldemateriale til den siste delen av perioden er altså tilnærma ikkje-eksisterande (når vi ser bort frå dødsmeldingar for sorenskrivaren, sjå pkt. 5.6), og må framskaffast direkte gjennom dette prosjektet.

Vi har no erfaring frå tilsvarende arbeid i Sula kommune, der ein i tillegg i praksis ikkje hadde eldre bøker å forhalde seg, men måtte legge opp til å samle slektsinformasjon heilt attende til kring 1930 på skjema utsendt alle husstandar; eit nokså vanskeleg prosjekt.

Det er i prinsippet to måtar å organisere eit slikt innsamlingsarbeid på i Stryn:

- a) ein held fram innsamlinga (slik det alt er gjort i Olden) for resten av bygda, registrerer informasjonen i den generelle registreringsmodulen og importerer registeret i BSS på linje med alle andre kjelder, eller
- b) ein registrerer først Aalandsbøkene og sender det registeret ut – saman med skjema for tida etterpå – til dei bustadene som fanst da Aalandsbøkene vart reviderte, slik at ein kan få ajourført informasjonen i alle fall for siste generasjon for dei som var med i dei eldre bøkene.¹⁴

I samband med dette må ein først bli samd om ein del grunnleggjande prinsipp for kven (kva for personar og kva for bustader) som skal vere med i bokverket.

Skjemaet må sendast alle husstandar for utfylling og retur. All erfaring tilseier likevel at dette ikkje er nok; ein må aktivt følgje opp ei slik utsending med å ta direkte kontakt med dei kanskje 60–70 % av husstandane (i alle fall i tettbygde strom) som ikkje sjølve gjer noko aktivt for å svare. Det betyr at det må mobiliserast eit korps av grendekontaktar, som kvar får ei rote med husstandar å følgje opp. Helst bør oppfølginga skje ved personleg besøk, slik at skjemaet kan fyllast ut på staden og grendekontakten sørge for å alle relevante opplysningar blir med. I Stryn vil dette arbeidet sjølvsgt – tilsvarende andre kommunar med relativt omfattande tettstads-utvikling – vere viktigast (og vanskelegast) i kommunesenteret.

¹⁴ Her må ein likevel sjølvsgt gå ut med heilt «blanke ark» til alle bustader som er komne til seinare.

7 Grendesogene og andre element

7.1 Grendesogene – større fridom til variasjon

Innafor dette delprosjektet står utgjevar (bygdeboknemnda) monaleg friare enn elles. Det *kan* for så vidt samanliknast med eit allmennsoge-prosjekt, der det i hovudsak blir spørsmål om å bli samde om kva stoff som skal med i grendesogene, sette grenser for stoffinnsamlings- og granskingsarbeidet og kontrollere at framdrifta er i samsvar med førehandsplanen.

Det er elles eit moment at nettopp grendesoge-modellen førebels ikkje har funne nokon «fast form» innanfor bygdeboksjangeren i Noreg. Han har vore nytta som tilleggselement til tradisjonelle gardssoger (som t.d. i «Bygdebok for Lesja», «Borgund & Giske» o.a.), men han har så langt vi kjenner til berre vore brukt som einaste sogeelement i nokre få bøker på Austlandet (Toten, Nordre Land kommunar).

Det er viktig å sjå innhaldet i slike grendesogekapittel nettopp i forhold til ev. planar om ei vidareføring av prosjektet i ei allmennsoge for Stryn. Dersom det er eit – om enn langsiktig – mål, bør arbeidet med grendesogene planleggast med det som siktemål.

Å legge opp grendesogene til små generelle allmennsoger kan også kome ut av kontroll reint tidsmessig. Det *er* fullt muleg å skrive tjukke «bygdebøker» om kvar grend (bygdelag) i ein kommune som Stryn, dersom ein grev seg djupt nok ned i kjeldene. Avgrensing blir derfor ei viktig oppgåve, og det kan vere vanskelegare å få til for dette elementet enn for BB-registeret (som har eit klart definert innhald).

I fall målet er eit komplett bygdebokverk med allmennsoge, vil vi nok rå til at ein avgrensar innhaldet i grendesogene i Busetnadssoga til å vere av meir leksikalsk art. Med det meiner vi at ein tek sikte på å gjere Busetnadssoga til i hovudsak eit oppslagsverk, der bygdefolket finn faktainformasjon om personar, bustader og grender (bygdelag). Så legg ein opp til eitt eller fleire allmennsogeband der ein skildrar den historiske utviklinga i Stryn i breidare og meir analytisk perspektiv.

Kva slags stoff ein skal ta med om grendene bør drøftast nærare når hovudprosjektet ev. kjem i gang. Men ein bør nok ta sikte på rimeleg komplett informasjon for kvar grend om element som:

- oldfunn og muleg forhistorisk busetnad
- forklare tydinga av alle gardsnamn av norrønt eller eldre opphav, så lagt slik tyding er stadnamnfagleg akseptert
- vurdere kva for gardar og ev. bruk som fanst i grenda før agrarkrisa i seinmellomalderen
- vurdere kva for gardar som vart liggjande øyde i seinmellomalderen
- skissere opp korleis gardane i grenda vart bruksdelte utover tidleg nytid, 16-, 17- og 1800-talet (gjerne i form av forenkla bruksdelingsskjema, jf. vedlegg 3)
- bearbeide og gje att i tabell- eller grafisk form dei oppgåver over jordbruksdrifta i grenda ein har frå 1600-talet og framover, helst heilt fram til moderne tid¹⁵
- syne (t.d. i form av kart) utbreiinga av plassevesenet i grenda
- gje att kulturhistoriske kart med så mange stadnamn frå inn- og utmark som råd er
- gje att informasjon frå utskiftingane i bygda, gjerne med kart, teigblandingssystem før utskiftinga og teignamn (jf. òg pkt. 7.4)
- gje att så nøyktig oversyn over utvandringa til Amerika o.a. oversjøisk utvandring frå grenda som råd er, t.d. i form av grafiske framstillingar (detaljane med namn på utvandrarar og staden dei flytte til finn lesarane att i befolkningsregisteret)

¹⁵ Informasjon frå dei nyare jordbruksteljingane i alle fall fram til 1979 er tilgjengelege på Riksarkivet, og dei kan publiserast når det blir gjort på ein slik måta at enkeltbruk ikkje kan identifiserast.

- gjere greie for framvekst av moderne element i bygda det siste hundreåret, som t.d. lag og foreiningar, mindre bedrifter, sidenæringar til det tradisjonelle jordbruket (fiske, pelsdyr), moderne kommunikasjonar (rutebåtar, vegutbygging)

For å unngå at ei slik framstilling blir alt for mykje prega av faktaoppramsing, kan ho brytast opp med kortare forteljingar i form av rammetekstar, der ein gjev att meir detaljert informasjon om, og ev. bilde av, eit oldfunn, ein person knytt til ein gard, historia om ein utvandrarfamilie, ei misjonsforeining o.l. Slike rammetekster kan med fordel òg leggest inn i sjølve BB-registeret, knytt til bustader og/eller personar som er lista der, ev. òg saman med gamle bilde.

7.2 Litteraturindeks

Sjølv om både grendesoge- og bustad/persondelen av bygdebokverket i betydeleg grad må bygge på primærkjelder, kjem ein sjølvsagt ikkje utanom bruk av stoff som tidlegare er innsamla, bearbeidd og gjort kjent i form av *litteratur* i forskjellige variantar. Dette gjeld alt frå dei gamle bygdebøkene for Stryn, bygdebøker frå nabobygder, oversiktsverk, litteraturhistorieverk, vitskaplege avhandlingar til sær oppgåver skrivne i skulane, artiklar i årbøker osv. osv.

Å skaffe seg fullt oversyn over slikt stoff er nærast umuleg, med den floraen av skriftlege produkt vi ser i dag. Men i samråd med personar som er godt kjente i bygda vil ein kunne sortere ut det viktigaste, som kan danne grunnlag for å bygge opp ein *litteraturindeks* for kommunen. Denne skal både nyttast til grendesogearbeidet og til å supplere bustad- og personregisteret med referansar og informasjon til personar og stader, rammetekstar o.l. Ein slik indeks vil dessutan vere eit viktig biprodukt av heile prosjektet av betydeleg interesse også i andre samanhengar, t.d. for skulane i kommunen.

I praksis går det ut på at ein les igjennom litteratur som Årbok for Nordfjord, Jul i Nordfjord, Årsskrift for Stryn historielag, bygdebøker frå nabobygder m.m. og indekserer stadnamn, emne og personar frå Stryn som er nemnde. Ein bør òg samstundes samle den aktuelle litteraturen, eller ev. ta kopi av dei aktuelle sidene for bygdebokarkivet, slik at ein raskt kan slå opp for å finne ut kva det er som står.

I samband med utviklinga av BSS-systemet er det laga ein førebels modul for å registrere litteratur (Littreg), som er brukt i Volda- og Sula-prosjekta. Denne skal leggest over i BSS slik at ein kan lenke inn person- og stadinformasjon direkte.

7.3 Illustrasjonar: kart, bilde m.m.

Det er i dag avgjerande viktig for marknadsverdien av eit slik bokverk at det får ei moderne utforming, der utstrekt bruk av illustrasjonar inngår. Dei viktigaste illustrasjonane er gamle bilde og gamle og nye kart. I tillegg kan ein nytte seg av nyare bilde, og ev. få laga særskilde, meir kunstnarlege illustrasjonar av ein/fleire habile teiknar(ar)/målar(ar).

I Stryn har arbeidet med å samle inn og digitalisere bilde kome godt i gang. Olav Guddal har i samarbeid med fylkesfotoarkivar Arild Reppen vore sentral i dette innsamlingsarbeidet. Materialet er innsamla frå privatpersonar. I tillegg til dette eksisterar det i Fylkesfotoarkivet på Sandane ei samling av bilde frå Stryn kommune. Størsteparten av dette materialet er bevarte delar av fotoarkiv frå fotografar som har hatt tilhald i Stryn, m.a. Jens K. Maurseth, Magnus Aaning og Ole Yri. Av desse er det samlinga til Maurseth som er mest omfattande. Fylkesfotoarkivet inneheld òg flyselskapet Widerøe sine flyfoto over Stryn kommune.

I Galleri Nor, som er Nasjonalbiblioteket sitt internettsystem for presentasjon av bildesamlingar (sjå <http://www.nb.no/gallerinor/>) er det pr. 3. februar 2004 lagt ut 541 bilde frå Stryn kommune. Telemark flyselskap sitt tidlegare bildearkiv (sjå <http://flyfotoarkivet.no/>, eigar Johan Ottesen) inneheld i overkant av to hundre bilde frå Stryn frå perioden 1938–1960. Det vil

prismessig medføre større kostnader å kjøpe bildemateriale frå dei to sistnemnde arkiva framfor frå eiga innsamling og bruk av Fylkesfotoarkivet sine samlingar og tenester.¹⁶

Det er vidare særst viktig at slike verk blir illustrert med gode og detaljerte kart. Dei bør vise dei viktigaste topografiske elementa (vegar, vatn, inn- og utmark), og – viktigast – alle bustader nemnt i bustadsregisteret. For bustader som ikkje lenger finst gjeld dette sjølvst så langt det er mulig å vite kvar dei låg. Det er altså eit viktig kvalitetskriterium for slike bygdebokverk at det er råd å finne at på kart (og dermed i terrenget) kvar alle bustader ligg i dag eller har lege.

I tillegg bør karta innehalde *andre* stadnamn som er kjende på staden, inn- og utmarksnamn, så langt det er plass på dei kartutsnitta som skal trykkast. Her er det i regi av Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane gjort eit ikkje ubetydeleg innsamlingsarbeid gjennom Stadnamnsprosjektet. Materialet frå dette prosjektet bør innarbeidast på dei karta som skal trykkast. Desse nye karta må produserast digitalt. Ein del kartmateriale er tilgjengeleg hjå teknisk etat i Stryn kommune, resten kan om nødvendig digitaliserast for seg, innanfor ei ikkje for urimeleg kostnadsramme.

7.4 Utskiftingskart

Dette er ei særskilt gruppe illustrasjonar som ein absolutt bør gjere tilgjengeleg i eit busetnads- og sogeverk, saman med nærare informasjon om sjølve utskiftingane. For Stryn kommune består dette materiale av 9 oversiktskart og 246 gardskart, der hovuddelen er frå tiåra før og etter 1900.

Men utskiftingskarta åleine har altså berre avgrensa verdi; dei må behandlast saman med sjølve dei tekstlege forretningane i jordskifteformannens protokollar. Der vil ein normalt finne detaljert omtale av alle jordstykke som var med i utskiftingane (og som er innteikna på karta), ofte med eit skildrande namn som kanskje seinare er gått ut av bruk og borte, eigar før utskiftingane, areal, bonitet, planteslag dyrka der og liknande. Desse forretningane – saman med kartet – inneheld mykje gardshistorie i seg sjølv, og kan/bør innarbeidast som ein del av grendesogene, i det minste i form av ei eller nokre utskiftingar, om ikkje alle (men alle som har vore i grenda bør i alle fall nemnast).

Då jordskifteverkets kartarkiv på Ås vart lagt ned, vart det originale kartmaterialet frå før 1987 overført til Riksarkivet, under føresetnad av at all sakshandsaming skulle gå føre seg ved fylkesjordskiftekontora. Desse har overteke fargekopiar av jordskiftekartane frå sitt distrikt. Det kan tingast kopiar av originalane ved å vende seg til Østfold jordskifterett til ein avgrensa kostnad.¹⁷ For Stryn sitt vedkommande har Nordfjord jordskifterett kopiar av kartmaterialet. Originalkart yngre enn 1936 er å finne ved Nordfjord tingrett.

8 Kvalitetssikring

8.1 Generelt

Kvalitetssikring er eit moderne omgrep som ikkje har vore spesielt mykje nytta innanfor lokalhistorisk forskning og bygdebokskriving. Det er likevel eit faktum at slike prosjekt ofte blir store – i dei aller fleste tilfella med rammer på fleire årsverk og opp til fleire mill. kr brutto utgifter. Det finst dessverre alt for mange døme på at kommunar som ansvarlege bygdebokutgjevarar ikkje legg nok vekt på leiings- og kvalitetssikringsdelen av slike prosjekt, med personalkriser,

¹⁶ For nærare informasjon om prisar etc. sjå vedlegg nr. 6.

¹⁷ Østfold jordskifterett har fått ein servicefunksjon for heile landet i saker som vedkjem jordskiftekart.

ekstraløyvingar og utsetjingar som resultat. I dei verste døma stoppar prosjekt heilt opp, eller utgjevne bøker må trekkjast inn att, bearbeidast og trykkast på nytt.¹⁸

Kvalitetssikringa må skje på fleire nivå.

8.2 Intern, fortløpande kvalitetssikring

kan ein kalle den prosessen der dei einskilde medarbeidarane er ansvarlege overfor prosjektleiaren, og prosjektleiaren overfor utgjevar representert ved bygdeboknemnd, økonomistyringsgruppe o.a. prosjektstyringsorgan. Desse igjen svarer for utgjevar, som i siste instans kan vere kommunestyret, viss ein vel ei slik organisasjonsform (jf. pkt. 9.1).

8.3 Innhaldet, inkl. bildetekstar og kart

Det som står i bygdebokverket må vere «rett» (i alle fall må ein unngå uomtvistelege feil, sjølv om det i mange tilfelle kan vere usemje om kva som er «rett», og da er det i tilfelle forfattern sitt syn som blir gjeve att i bøkene). For denne typen prosjekt oppnår ein dette best ved å sette av nok tid heilt på slutten av arbeidet, når stoffet til kvart band er tilnærma klart til trykking. Da sender ein utskrift av det som er skrive om kvar husstand ut til gjennomlesing og kommentar, med ein relativt kort frist til å kome med korrigeringar og/eller tilføyingar. Til gardane kan t.d. også dei kulturhistoriske karta sendast ut, medan grendesogene (dersom ein vel ein slik modell) kan leggest ut på butikken, postkontora, kommunehuset o.l. stader til offentleg gjennomsyn.

Dette er ei svært god kvalitetssikring; det er dessutan monaleg vanskelegare for kjøparane – bygdefolket – å kritisere utgjevar (kommunen og/eller forfattar) for feil dersom kvar ein sjølv har hatt høve til å rette det som blir skrive om sitt hushald, gard o.l.

8.4 Stadnamn og språkføring («språkvask»)

Korleis stadnamna skal skrivast blir eit stridsspørsmål i alle slike prosjekt, jf. den til dels sær aggressive diskusjonen om skrivemåten av diverse stadnamn i samband med vegskilting, nye kart o.l. rundt om i mange kommunar. Dette er eit spørsmål det bør takast stilling til tidleg i prosessen. Det er nødvendig at det blir vedteke sams (korrekte) skrivemåtar av stadnamna (gardsnamna), og at desse blir følgd konsekvent, både i teksten og på karta. Ein må vere budd på konflikhtar i bygdesamfunnet uansett kva for løysing som blir vald.

Eit grunnleggjande skilje i denne samanhengen er heilt nødvendig: mellom *namna på gardane* og dei *skriveformene* som finst av gardsnamn som er i bruk som slektsnamn. Skrivemåten for namna på gardane er regulert gjennom Lov av 18. mai 1990 om stadnamn (den same som regulerer namn på vegskilt og kart). Vi rår til at dei reglane som er sett opp der blir følgt, og gjev att §4 i lova:

«Dersom ikkje anna er fastsett i denne lova, skal det ved fastsetjing av skrivemåten av stadnamn takast utgangspunkt i den nedervde lokale uttalen. Skrivemåten skal følgje gjeldande rettskrivingsprinsipp for norsk og samisk. [...] Same namnet på ein og same staden skal som hovudregel ha berre ei skriftform i kvart språk. Når særlege grunnar taler for det, kan skrivemåten av stadnamn avvike frå gjeldande rettskrivingsprinsipp.»

Det vil normalt ha vore gjort ein del namnevedtak etter denne lova allereie. Men mange namn – særleg bruksnamn – er normalt ikkje inne på kart eller skilt og er derfor ikkje vurdert. Vi rår derfor til at det for dei gards- og bruksnamna det ikkje ligg føre vedtak om blir gjennomført ei utgreiing av ein spesialist, gjerne den ordinære namnekonsulenten for området, som kan gje råd

¹⁸ Dette skjedde med band 6 (om Eresfjord) i bygdebokserien for Nesset kommune ca. 1986. Bandet vart gjeve ut under sterkt tidspress og utan naudsynt kvalitetssikring. Det kom så mange klager at kommunen etter nokre månader laut trekkje bandet inn att og tilsette ny forfattar som gjekk igjennom og skreiv det hele om att. Den nye utgåva av band 6 i kom ut i 1990.

om skrivemåten. Dette bør følgjast konsekvent gjennom heile bygdebokverket. Ved bruk av det nye IKT-verktøyet BSS får ein eit særst godt verktøy til å gjennomføre ei konsekvent normering av både stad- og personnamn gjennom heile materialet, der ein òg kan justere namn undervegs og dei blir heilt rette alle stader i det manuskriptet som blir produsert for trykking.

Når personar blir nemnd med eit gardsnamn som slektsnamn, bør den forma vedkomande sjølv skreiv nyttast. Dette gjeld i hovudsak tida etter 1850/1900 då vanlege folk begynte å ta i bruk slektsnamn i moderne forstand (ved tidlegare bruk av gardsnamn var det nokså konsekvent som *adresse*, bustad, ikkje slektsnamn).¹⁹

Sjølv den beste faglitterære forfattar treng hjelp til «språkvask». Før utsending til alle husstandar/utlegging til offentleg gjennomsyn, må ein språkkonsulent lese igjennom manuskriptet. Dette finst det ekspertise på t.d. ved Nordisk institutt ved Høgskulen i Volda. Det finst sikkert òg slik kompetanse i bygda i form av ein/fleire pensjonert(e) lærar(ar) – noko som kan spare kostnader.

8.5 Komplette manuskript og produksjonstid

Som nemnt i pkt. 5.9 er det sterkt ønskeleg at heile materialet er ferdig bearbeidd, slik at alle familiane er oppsette og utplasserte på bustadane, før verket blir trykt. Det gjeld òg i forhold til denne siste prosessen: heile befolkningsregisteret *bør* vere ferdig før ein sender det ut til slik kontroll blant bygdefolket og andre.

Det vil da medføre at også svarfristar og tid til bearbeiding av innkomne merknader må reknast med når produksjonen skal planleggast. I praksis blir det da sett stopp for endringar på det tidspunktet ein bestemmer, og så gjev ein ut dei forskjellige banda rimeleg fortløpande etterpå.

Dette er altså den ideelle måten å gjennomføre eit slikt prosjekt på, men vi må streke under at vi ikkje er kjent med noko prosjekt som har klart dette før. Men ved bruk av BSS-systemet trur vi det i alle fall vil vere vesentleg lettare å legge opp til ei slik gjennomføring.

9 Prosjektorganisering, tentative tidsforbruks- og kostnadskalkylar

9.1 Generelt – muleg prosjektorganisering

Det er nødvendig å tenkje igjennom korleis ein vil organisere eit slikt prosjekt heilt frå starten. Tradisjonelt har bygdebokprosjekt dei siste 15–25 åra som oftast vore lagt inn under den ordinære drifta til dei kommunale kulturretatane, med bygdebokforfattarar engasjerte av kommunen for den tida prosjektet har pågått.

Slik organisering er uheldig av fleire grunnar. Hovudutgifta har vore løyvinga til lønn til ein forfattar, og den kan lett bli sett opp mot mange andre gode tiltak i kommunen, i verste fall mot lovpålagde tiltak innan skule eller helsestell. På same viset blir det for Stryn: dei tyngste utgiftene kjem i startfasen av prosjektet, utan at ein kan bokføre inntekter før fleire år seinare. Med den tilsynelatande forverra kommuneøkonomien ein generelt ser i dag, kan ei slik organisasjonsform bli vanskelegare utan omsyn til totaløkonomien prosjekta.

Årsaka er at det er særst vanskeleg innafor det tradisjonelle kommunale systemet å ta omsyn til at slike prosjekt også har ei ikkje ubetydeleg inntektsside, som til og med *kan* vere stor nok til å dekkje tilnærma *alle* prosjektkostnadane, når ein ser heile prosjektperioden under eitt. Men denne perioden er ofte særst lang, minst 10, gjerne både 15 og 20 år før eit bokopplag et utseld

¹⁹ Det vart elles ikkje lovfest med slektsnamn før i 1923, så det er heilt normalt å finne syskjensflokkar fødde i tiåra før som tok forskjellige slektsnamn: gardsnamnet der dei var fødde, gardsnamnet der faren var fødd, deira eige farsnamn (oftast i forma «Hansen» o.l., sjeldnare i den meir korrekte «-son»-varianten) eller farsnamnet til faren.

og ein kan sette opp eit endeleg prosjektrekneskap. Dei ordinære kommunale budsjett- og rekneskapsrutinane er ikkje tilpassa slike prosjekt.

Det kan gjerast fleire «grep» for å korte inn prosjektperioden. Viktigast er etter vår meining at ein klarer å organisere sjølv stoffinnsamlings- og bearbeidingsfasen fram til trykking av bøker så effektivt at ein avgrensar denne til eit minimum. At slike prosjekt dreg ut i mange – opp til 10 år og lenger – før det kjem ut bøker, er i vår rastlause tid vanskeleg å få forståing for. Det vil nok likevel vere vanskeleg å unngå at det vil måtte gå nokre år, truleg minst 4–5 også for Stryn, før alle band er utgjevne sjølv med optimal prosjektorganisering.

Slik organisering går i korte trekk ut på at ein engasjerer fleire personar til å gjere oppgåver parallelt, slik at ein ikkje treng vente på at ei oppgåve er fullført for å kome vidare med andre delar av prosjektet. Det er òg viktig, om ikkje anna for økonomien i prosjektet, at ein nyttar relevant arbeidskraft til dei forskjellige oppgåvene. Det er t.d. neppe lønnsamt å la ein historikar med lektorlønn gjere oppgåver som krev lokalkunnskap og nøyaktigheit, men ikkje nødvendigvis evne til å analysere eit historisk stoff. I dei etterfølgjande punkta kjem vi meir konkret attende til nokre forslag til korleis slike arbeidsoppgåver kan løysast.

Når det så gjeld sjølv prosjektorganiseringa, har vi no gjennom arbeidet med prosjekta for Volda og Sula to prinsipielt forskjellige, men i begge tilfelle gode løysingar.

Arbeidet med Busetnadssoga for Volda er organisert som eit kommunalt prosjekt med styringsgruppe. Prosjektet vart vedteke i kommunestyret med ei brutto kostnadsramme på 5,4 mill. kr. i 1999 og vil gå i balanse med eit boksal av eit visst omfang. Da prosjektet starta hadde Volda kommune eit fond som vart nytta til å dekkje drifta første året. Når så dette var oppbrukt, vart det avklara at etter som kommunestyret hadde fatta eit vedtak om totalramme for prosjektet, kunne det drivast vidare mot det same fondet, som dermed seinare har fungert som «kassakreditt» (der m.a. renteutgifter blir belasta). Når bøkene kjem i sal vil inntektene sjølvsagt gå inn på fondet, og når salet har pågått ei viss tid, t.d. 4–5 år etter siste band er gjeve ut, er det naturleg å vurdere situasjonen på fondet og ev. be om ei tilleggsløyving viss det ikkje ser ut som om inntektene vil bli høge nok til å dekkje underskotet.²⁰

Den andre modellen – stifting med kommunal garanti for banklån – er vald av Sula kommune. Der er Sulasoga etablert som stifting med Sula kommune og Sula sogelag som stiftarar, og der kommunestyret har gjeve garanti for eit banklån til slutføringa. Det må riktignok her nemnast at dette prosjektet vart drive over det ordinære kulturbudsjettet i ein god del år, og at det er minimal risiko for at det beløpet som ein treng kommunal garanti for ikkje vil bli tent inn att ved sal av bøker. Men i prinsippet kan denne løysinga sjølvsagt nyttast for eit heilt prosjekt frå start til mål.

Det er heller i prinsippet ikkje nødvendig at det er kommunen som garanterer for eit slikt driftslån (ev. ein kassakreditt); det må i tilfelle forhandlast med aktuelle långjevarar (bankar o.a.) kva krav til tryggleik dei vil stille for å yte lån/kreditt til eit slikt prosjekt.

9.2 Delprosjektorganisering

Utan omsyn til korleis sjølv hovudprosjektet blir organisert (kommunalt eller stifting), bør det etter vår erfaring brytast ned i eit antal under- eller delprosjekt for å kunne styrast skikkeleg. Vi rår til at bygdeboknemnda organiserer arbeidet med Busetnadssoga for Stryn i til saman 6 delprosjekt, som til saman skal kunne føre verket fram til ferdig produserte og selde bøker.

Delprojekta kan kallast:

1. Prosjektleiing, nemnd, reserver, renter

²⁰ Referanse: spesialkonsulent Ronald Hagen, Volda kommune.

2. Bustad- og befolkningsregisteret
3. Grendesogene
4. Illustrasjonane: kart, bilde m.m.
5. Kvalitetssikring/ferdiggjering/samanredigering, bokproduksjonen
6. Inntektene (boksal) med faste og variable salsutgifter

9.3 Kostnadsutrekningar i den tentative kalkylen (vedlegg 1)

Som nemnt krev ikkje alle arbeidsoperasjonar like høg fagleg kompetanse (og dermed like høge lønnsutgifter). Vi har i der vedlagde utkastet til kalkyle delt arbeidet som skal lønnast i to kategoriar; det som krev fagleg kompetanse og det som krev nøyaktigheit og lokalkunnskap. Kostnadene er rekna til høvesvis lønnstrinn 45 og lønnstrinn 34 for desse kategoriane. Årsverket er sett til 1690 timar. Det kan bli nødvendig å justere desse føresetnadane når eit endeleg prosjektbudsjett skal settast opp.

Eit brutto årsverk i ltr 34 inkl. sosiale utgifter etc. utgjer ca. kr 354.000.

Eit brutto årsverk i ltr 45 inkl. sosiale utgifter etc. utgjer ca. kr 422.000.

Timelønn for prosjektleiar inkl. overhead er rekna til kr 750.

Det er i kalkylane rekna med 2,5 % lønns- og kostnadsvekst pr. år.

Brutto driftskostnader/overhead (kontorhald, datautstyr, telefon, kopiering etc.) er i kalkylen rekna til 25 % av brutto lønnskostnader.

9.4 Meirverdiavgift

Det er særst viktig at eit slikt prosjekt (inkl. dette forprosjektet) blir registrert og klarert med fylkesskattekontoret i høve til meirverdiavgift heilt frå starten. Dermed kan all utgåande mva. forast i mva.-rekneskap og bli refundert. Slike prosjekt har – i alle fall førebels – reelt sett ikkje inngåande mva. pga. regelen med at bøker, aviser o.l. er fritekne for mva. i siste ledd.

9.5 Delprosjekt 1: Prosjektleiing, nemnd, reserver, renter

1a Prosjektleiar: Erfaringar frå andre liknande prosjekt tilseier at det er viktig at dei har ei fast leiing. Leiinga bør vere ein kompetent fagperson med erfaring både frå liknande prosjekt og prosjektstyring. Dessverre er det ikkje mange slike «på marknaden», for dei fleste slike prosjekt blir framleis gjennomført med nokså tilfeldig leiing. Men det burde vere råd å få inn ein person som kan ta dette oppdraget, utan at vedkomande treng vere busett innafør kommunegrensa (det finst i alle fall eit par kompetente personar busett i Sogn og Fjordane, så langt vi veit).

Det er sjølvsagt òg fullt mogeleg å knyte leiaroppgåva til ansvaret for gjennomføring av eit av delprosjekta, t.d. nr. 2c og/eller 3a, viss det høver med aktuelle personar for oppdraga.

Hovudoppgåva for prosjektleiar vil vere kontroll og samkøying av framdrifta i alle del- og underprosjekta, slik at materialet ligg klart til trykking i samsvar med den vedtekne tidsplanen. Det er òg naturleg at prosjektleiar held den løpande kontakten med styringsgruppa for prosjektet, medan dei enkelte medarbeidarane har den daglege kontakten med lokale hjelparar (grendekontaktar o.a. informantar).

Det kan påløpe kostnader i samband med å skaffe prosjektleiar (utlysing, reisekostnader intervju), noko som vel kan reknast under post 1b eller 1d i kalkylen i vedlegg 1. Der er det elles lagt inn at prosjektleiararbeidet normalt er mest omfattande i oppstarten av prosjektet – 150 timar første året (2005), 100 timar andre året og så 50–75 timar pr. år i fire år etter dette.

1b Nemnd/styringsgruppe, grendekontaktar, reiser: Det er sjølvsagt heilt nødvendig at prosjektet har ei nemnd/stryingsgruppe som øvste leiing, som m.a. prosjektleiar rapporterer til, og som rapporterer til utgjevar, enten det er kommunen eller ei stifting. Denne nemnda bør ha ei viss godtgjering for arbeidet, i det minste tilsvarende andre kommunale nemnder. Ho bør òg ha høve til å delta på faglege seminar der viktige element ved slike prosjekt blir teke opp. Vidare må nødvendige reiser for prosjektleiar reknast inn. I den tentative kalkylen er det dei fem første åra lagt inn kr 20.000 årleg, deretter eit mindre beløp.

I tillegg til ei ansvarleg styringsgruppe bør prosjektet ha eit nett av grendekontaktar, arbeidsgruppe o.l., som er viljuge til å gjere eit visst arbeid – helst utan særskilt godtgjering anna enn dekning av reisekostnader – i kvart sitt bygdelag. Denne gruppa bør påskjonast ved å bli nemnde, gjerne med bilde, i forordet i det bandet som inneheld informasjon dei har arbeidd særskilt med. Denne typen påskjøning bør vurderast for alle som yter friviljug innsats til prosjektet. For Stryn sitt vedkomande må førebels Rune Bergensen og Sven Stensen nemnast særskilt (sjå pkt. 6.2).

1c Fast engasjert kontaktperson i kommunen: Erfaringane frå alle andre prosjekt vi har vore tungt involvert i (bygdebøker for Lesja, Lom, Volda og Sula) har alle synt at det er heilt nødvendig at eit slikt prosjekt har ein fast kontaktperson med nokonlunde fast arbeidstid i den kommunen som prosjektet behandlar. Dersom ein engasjerer ein «bygdebokforfattar» som flytter til kommunen etter gamalt mønster fyller vedkomande sjølvsagt den funksjonen. Men det er ikkje sikkert ein får til ei slik organisering, og da må ein løyse dette behovet på annan måte. Vedkomande må vere kontaktpunkt mot grendekontaktar og bygdefolket generelt. Funksjonen kan kombinerast med arbeid i eitt eller fleire av delprosjekta, t.d. nr. 2e, eller til nød ein person på kulturkontoret, viss det ikkje er råd å få ein fagperson til å busette seg i bygda.

Omfanget av arbeidet er kalkulert til 25 % stilling i prosjektperioden og lagt inn som post 1c for dei fem første driftsåra.

1d Driftskostnader: 25 % av lønnskostnadene for engasjert kontaktperson.

1e–1f Reservepost og renteutgifter: Det er naturleg å rekne med at det i så store prosjekt dukkar opp tilhøve ein ikkje har føresett i planlegginga, og at det derfor blir rekna ut ein reservepost. Rentekostnadene kan kome til å variere betydeleg. Det er førebels ikkje lagt inn noko på desse postane i kalkylen, men vi vil streke under at det bør gjerast. Det medfører tilsvarende høgare tentativt underskot for prosjektet (jf. vedlegg 1).

9.6 Delprosjekt 2: Bustad- og befolkningsregisteret

Dette er eit tungt delprosjekt, som vi foreslår delt i 5 underprosjekt: dataregistrering/konvertering kjelder m. kostnader, lenking/kopling og samanskriving av befolkningsregisteret inkl. utarbeiding av bruksdelingsskjema, utsending av skjema til husstandane for kontroll/komplettering av familieopplysningane og innskriving av den informasjonen som kjem inn.

2a–b Dataregistrering/konvertering kjelder m. kostnader: Mesteparten av dette arbeidet er altså allereie gjort utan kostnader for prosjektet. Det må leggst inn eit beløp for å få konvertert og importert kjeldene i BSS, samt å få registrert dødsbuskifta, stipulert til kr 40.000.

2c Bruksdelingsskjema, lenking/kopling, samanskriving befolkningsregister m. overhead: Dette er eit hovudarbeid, den tyngste delen av delprosjektet; her samlar ein alle trådane, tek for seg gard for gard frå eine enden av bygda, held saman dei forskjellige kjeldene og litteraturopplysningar om garden og menneska der og på det grunnlaget utarbeider s.k. bruksdelingsskjema (sjå pkt. 5.5 og vedlegg 3).

Særs mykje av prosjektet kviler på dette delprosjektet. Eit klart problem er at utviklinga av BSS-systemet ikkje er kome så langt at det er råd å lage prognosar om tidsomfanget av arbeidet. Både Sula- og Volda-prosjekta er rett nok no inne i ein slik fase, så ein vil i løpet av første halvår

2004 ha noko meir å bygge på. Men begge desse prosjekta har vore gjennomført som ein del av sjølv systemutviklinga, derfor har rammevilkåra vore relativt annleis enn for nye prosjekt som t.d. Stryn.

Grunnlaget for å stipulere dette arbeidet for Stryn er derfor førebels langt frå tilfredsstillande. I den tentative kalkylen er det lagt inn to årsverk i lønstrinn 45, noko vi *trur* vil vere rikeleg, men utan å kunne garantere noko. Føresetnaden i kalkylen er oppstart midt på året 2005, altså halvårsverknad for det året, heilt år i 2005 og halvt år i 2007.

2d–e Utsending av skjema, innskriving av nye skjemaopplysningar: Utan omsyn til eksisterande kjelder må ein i eit slikt prosjekt ev. sende ut skjema for å få inn informasjon om den siste generasjonen, samle inn desse og sende ut manus der denne informasjonen ev. er innarbeidd saman med det eldre stoffet før trykking (jf. pkt. 8.3). Delprosjekt 2d gjeld regulære kostnader med utsending.

Sjølv arbeidsflyten i 2e kan organiserast på fleire måtar: ein er at skjemainformasjon blir registrert på hendingsnivå (sjå pkt. 5.7), importert og lenka saman med kyrkjebøkene o.a. kjelder. Ein annan er at «forfattaren» (med ansvar for delprosjekt 2c) innarbeider informasjonen etter kvart. Den endelege prosjektorganiseringa avgjer korleis dette skal leggst opp. I den tentative kalkylen er det sett av ½ årsverk i lønstrinn 34 til delprosjekt 2e.

9.7 Delprosjekt 3: Grendesogene, samanskiving manus

Her er delprosjektet med underprosjekt sett opp med ein forfattar i tre år med overhead og reisekostnader (andre løysingar kan tenkjast). Inkludert i dette er utarbeiding av litteraturregisteret (sjå pkt. 7.2).

Erfaringane frå Volda tilseier at dette er ei ramme som i alle fall ikkje er for romsleg, og at arbeidet må følgjast nøye opp for å sikre at ein klarer å halde gjennomføringa innafør rammene. Oppstart er sett til 1.1.2006.

9.8 Delprosjekt 4: Illustrasjonar: kart, bilete m.m.

Her er det lagt inn kostnader til tre underprosjekt:

Delprosjekt 4a Kartproduksjon, digitalt kartgrunnlag og plassering av namn: er oppgåver som ikkje er time-vurdert, etter som ein før igangsetjing må bestemme kva kart-element som skal vere med, kva typar namn utanom bustadnamna etc. Erfaringane frå Lom, der Snøhetta forlag på vegner av Lom kommune har fått digitalisert 370 km² og har gjort arbeidet med innskriving av namn frå bustadregisteret og elles namn innsamla av grendekontaktar, skulle tilseie at ein i ei kommune som Stryn burde kome rimeleg langt med eit beløp på kr 100.000.

4b Bildeinnsamling og -redaksjon: Dette er oppgåver som eignar seg til friviljug og/eller dugnadsinnsats, og som alt er i gangsett i Stryn. Dei bør kanskje ha ei viss godtgjering, og så vil det følgje med ein del kostnader til materiell o.l. Førebels utgift er sett til kr 80.000. Dei som har det faglege ansvaret for delprosjekta 2c og 3a (BB-registeret og grendesogene) bør sjølvsgt delta i arbeidet.

4c Andre illustrasjonar, utskiftingskart: Omfanget av andre illustrasjonar er uråd å bestemme på førehand. Filmane av utskiftingskarta (sjå pkt. 7.4 framafør) er no overført frå Jordskifteverkets kartarkiv på Ås til Fylkesjordskiftekontora, dvs. for Stryn sin del i Nordfjordeid. Vidar Bergtun ved Nordfjord jordskifterett har opplyst at dei for ei kjeldeinnsamling for ny bygdebok vil legge seg på ein låg pris, ca. kr 20 pr. kart. Total kostnad for nye kopiar av alle kart eldre enn 1930 ligg derfor på kr 5.100. Ei total ramme på kr 30.000 for delprosjektet skulle gje rimeleg handlefridom.

9.9 Delprosjekt 5: Kvalitetssikring, ferdiggjering/bokproduksjon

Dette delprosjektet består altså av 3 underprosjekt. *5a Kvalitetssikring stadnamn og språk* (jf. pkt. 8.4) vil truleg kunne gjennomførast innafor ei ramme på kr 50.000.

5b Utsending av manus til alle husstandar, svarmottak: Dette medfører ein del kopierings- og post-sorteringsarbeid. Det er mogeleg ein del av det kan automatiserast, men det har vi ikkje hatt høve til å gå inn på. Eit beløp på kr 30.000 er stipulert.

5c Formgjeving/trykking. Her er det rekna med eit opplag på 3000 eksemplar pr. band, 5 ordnære tekstband og så eit eige registerband som 6. band i serien (sjå pkt. 4.4). I den tentative kalkylen er det her rekna med ein trykkekostnad på kr 200.000 pr. tekstband og kr 80.000 for registerbandet.

Til saman syner dermed den tentative kalkylen at Stryn kan få til eit slikt bokverk innafor ei brutto kostnadsramme på knapt 5,5 mill. kr.

9.10 Delprosjekt 7: Inntekter (boksal), fond, salskostnader

Dette er sjølvsagt da eit sær s viktig delprosjekt, som vil vere avgjerande for totaløkonomien i heile prosjektet. Det er samstundes vanskeleg å kalkulere, m.a. fordi det er vanskeleg å forutsjå omfanget av boksalet. Men samstundes veit ein at slike bøker alltid er sær populære i nærmiljøet, og at dei nærast sel seg sjølv utan marknadsføring, i alle fall dersom dei held høg nok kvalitet. Ein veit òg at ikkje berre «kvar husstand» innafor kommunegrensa er potensielle kjøparar; slike bøker sel truleg nesten like mykje mellom utflyttarar med røter i kommunen.

Ei særskilt utfordring blir å gjere elementa i verket så interessant og fengjande at det òg blir seld til tilnærma alle husstandar også i dei meir tettstadprega delane av kommunen, jf. framafor.

Oppsettet i den tentative kalkylen er gjort med følgjande utgangspunkt: 5 tekstband blir seld til ein pris pr. band på kr 550 og registerbandet til kr 350. Gjennomsnitt seld opplag er sett til 2300 for tekstbanda og 1200 for registerbandet. Det er sett opp at ein sel ca. 1200 eks. av kvart band første året, ca. 700 andre og ca. 400 tredje året. I praksis vil salet fordele seg over fleire år.

Det følgjer alltid ein variabel kostnad med boksal. Den dekkjer kommisjonsgebyr, kostnader ved distribusjon etc. I kalkylen er denne sett til 20 %, men det er sjølvsagt fullt muleg å finne lokale løysingar slik at denne kan reduserast. Redusert prosentsats her vil òg bety relativt mykje – t.d. vil 15 % redusere kostnadene med ca. kr 337.000.


På bakgrunn av desse føresetnadene vil prosjektet gå med ca. kr 150.000 i underskot før rentekostnader er rekna inn (jf. vedlegg 1).

Vedlegg:

1. Tentativ totalkalkyle for prosjektet
2. Bustadstrukturen for Stryn frå BSS (skjerm bilde)
3. Døme på bruksdelingsskjema (frå Andvord, gnr 68–69 i Lom kommune)
4. Bruk av kjelder i Aaland sine gards- og grendesoger for Stryn og vurdering av kjeldematerialet i Aalandsarkivet
5. Kyrkjebøker m.m. – registrert av Rune Bergesen og Sven Stensen
6. Prisliste foto og fototenester ved Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane

Vedlegg 1: Tentativ totalkalkyle og framdriftsplan - forprosjekt Busetnadssoga for Stryn									
Dato: 14.4.2004									
Arnfinn Kjelland, prosjektleiar									
	Brutto	Inntekt/utg.	Inntekt/utg.	Inntekt/utg.	Inntekt/utg.	Inntekt/utg.	Inntekt/utg.	Inntekt/utg.	Sum
	Utg/innt.	2005	2006	2007	2008	2009	2010/seinare	planlagt	
Delprosjekt 1: Prosjektleiing, nemnd, reserver, renter									
1a	Honorar prosjektleiar	kr 393 750	kr 112 500	kr 75 000	kr 56 250	kr 56 250	kr 37 500	kr 56 250	kr 393 750
1b	Nemnd/styringsgruppe, grendekontaktar, reiser	kr 120 127	kr 20 000	kr 20 500	kr 21 013	kr 21 538	kr 22 076	kr 15 000	kr 120 127
1c	Fast engasjert kontaktperson	kr 465 393	kr 88 540	kr 90 753	kr 93 022	kr 95 347	kr 97 731	kr -	kr 465 393
1d	Driftskostnader (kotor, data, telefon), nemnd og kontaktperson	kr 116 348	kr 22 135	kr 22 688	kr 23 255	kr 23 837	kr 24 433	kr -	kr 116 348
1e	Reserve	kr -							kr -
1f	Renteutgifter	kr -							kr -
Delprosjekt 2: Bustad- og befolkningsregisteret									
2a	Dataregistrering/konvertering kjelder	kr 40 000	kr 40 000						kr 40 000
2b	Kostn. knytt til 2a (reise/digitalisering/kopiering)	kr 5 000	kr 5 000						kr 5 000
2c	Bruksdelingsskjema, lenking/utpl., samanskiving bef.reg./overh.	kr 1 082 603	kr 264 009	kr 541 219	kr 277 375				kr 1 082 603
2d	Utending av skjema, inns. vha grendekontaktar	kr 25 000		kr 15 000	kr 10 000				kr 25 000
2e	Innskiving av nye skjemaopplysningar, 1/2 årsv. + overhead	kr 224 116		kr 110 674	kr 113 441				kr 224 116
Delprosjekt 3: Grendesogene, samanskiving manus									
3a	Litteraturregister, skiving grendesoger, samanredigering	kr 1 331 670		kr 432 975	kr 443 800	kr 454 895			kr 1 331 670
3b	Driftskostnader (kotor, data, telefon)	kr 332 917		kr 108 244	kr 110 950	kr 113 724			kr 332 917
3c	Reisekostnader, delprosjekt 2c og 4a	kr 40 000		kr 15 000	kr 15 000	kr 10 000			kr 40 000
Delprosjekt 4: Illustrasjonar: kart, bilete m.m.									
4a	Kartprod., dig. kartgrunnlag + plassering stadnamn	kr 100 000		kr 50 000	kr 50 000				kr 100 000
4b	Bildeinnsamling, -redaksjon	kr 80 000	kr 20 000	kr 20 000	kr 30 000	kr 10 000			kr 80 000
4c	Andre illustrasjonar, utskiftingskart	kr 30 000		kr 15 000	kr 15 000				kr 30 000
Delprosjekt 5: Kvalitetssikring, ferdiggjering/bokprod.									
5a	Kvalitetssikring, stadnamn og språk	kr 50 000				kr 35 000	kr 15 000		kr 50 000
5b	Utending av manus til alle husstander, svarmottak	kr 30 000			kr 15 000	kr 15 000			kr 30 000
5c	Formgj./trykk 3000 x, kr 200.000 pr band, 5 band + registerband	kr 1 080 000				kr 400 000	kr 400 000	kr 280 000	kr 1 080 000
Brutto prosjektkostnader inkl. bokproduksjon:		kr 5 546 924							
Delprosjekt 6: Inntekter (boksal), fond, sals-kostnader									
6a	Brutto inntekter/boksal	kr -6 745 000				kr -1 320 000	kr -2 090 000	kr -3 335 000	kr -6 745 000
6b	Distribusjon/marknadsføring, 20 % av brutto sal	kr 1 349 000				kr 264 000	kr 418 000	kr 667 000	kr 1 349 000
Utgifter minus inntekter (positivt tal = underskot):		kr 150 924	kr 572 184	kr 1 517 054	kr 1 274 106	kr 179 590	kr -1 075 260	kr -2 316 750	kr 150 924
Merknad: I denne oppstillinga er reserveposten og rentene ikkje lagt inn (post 1e og 1f).									

Seksjonar, grender (delvis) og namnegardar i Stryn



Stader

- Busetnadssoga for Stryn
 - Oppstryn
 - Nedstryn
 - Loen
 - [Område78]
 - Loen
 - Tjugen
 - Haugen
 - Sande
 - Helset
 - Hogrenning
 - Raudi
 - Bødal
 - Nesdal indre
 - Nesdal ytre
 - Sæten
 - Oppheim
 - Rake
 - Marså
 - Strand nordre
 - Olden
 - Innvik**
 - Utvik

Stader

- Busetnadssoga for Stryn
 - Oppstryn
 - Nedstryn
 - Loen
 - Olden
 - [Område95]
 - Auflem
 - Muri
 - Oldøyra
 - Brynestad
 - Melheim
 - Solheim
 - Eide
 - Sandnes
 - Håheim
 - Søre Strand
 - Gjerde
 - Sunde
 - Kvamme med Førde
 - Åberg med Tungøyane
 - Åbrekk
 - Brigsdal
 - Melkevoll
 - Myklebust
 - Høgalmen
 - Mykløen
 - Rustøen
 - Yri Indre
 - Bak-Yri
 - Gytri
 - Flåten
 - Mindresunde
 - Beinnes
 - Løken
 - Bruvoll
 - Indre Skarstein
 - Ytre Skarstein
 - Gildestad
 - Heggstad
 - Vanberg
 - Agjeld
 - Innvik**
 - Utvik

Stader

Stader


- [-] Busetnadssoga for Stryn
 - + [-] Oppstryn
 - + [-] Nedstryn
 - + [-] Loen
 - + [-] Olden
 - + [-] **Innvik**
 - [-] [Område132]
 - n Årholen
 - n Frøholm
 - n Hilde
 - n Reme
 - n Drageset
 - n Taraldset
 - n Prestegarden Langve
 - n skåden
 - n Lyslo
 - n Heggdal
 - n Lid
 - n Ulvedal
 - n Roset
 - n Øyestad
 - n Blakset
 - n Hatleim
 - n Nygård
 - n Steinsåker
 - n Teigen
 - n Dokset
 - n Robjørgane (60 & 61)
 - n Haugen
 - n Sætren
 - n Nybø
 - n Flore
 - n Sindre
 - n Haugen indre - Åkehaugen
 - n Maurhaugen
 - n Langeset
 - n Faleide
 - n Svarstad
 - + [-] Utvik

Stader

Stader

- [-] Busetnadssoga for Stryn
 - + [-] Oppstryn
 - + [-] Nedstryn
 - + [-] Loen
 - + [-] Olden
 - + [-] **Innvik**
 - [-] Utvik
 - [-] [Område165]
 - n Hammer
 - n Kårstad
 - n Berge
 - n Myklebust
 - n Hage
 - n Verlo
 - n Kirkevollen
 - n Valaker
 - n Bruland
 - n Djuv
 - n Frøyset
 - n Tisthamar
 - n Moldrheim
 - n [Namnegard192]
 - [-] Randabygda
 - n Hopland
 - n Åland
 - n Rand
 - n Skrede
 - n Hammer
 - n Tinnereim
 - [-] Fjelli
 - n Nos
 - n Gald
 - n Fjellkårsadsad
 - n Jevnlid
 - n Søvberg
 - n Bergset

Vedlegg 3: Døme på bruksdelingskjema (frå Andvord, gnr 68-69 i Lom kommune). Årstal (1600, 1650, 1700, 1750 osv.) i venstre marg. Utarbidd av Ole Martin Sørungård for Bygdabok for Lom.



Bruk av kjelder i Aaland sine gards- og grendesoger for Stryn og vurdering av kjeldematerialet i Aalandsarkivet

Dato: 30. oktober 2003

Av: Harald Endre Tafjord

Bruk av kjelder i Jacob Aaland sine gards- og grendesoger for Innvik og Stryn

Aaland gjer sjølv delvis greie for dei kjeldene han har nytta seg av for den eldste perioden. I band 1 er dette omtala i eit kapittel som omhandlar *Den eldste busetjinga*. (Aaland: 55 ff.)¹

Busetjinga i eldre tid:

I forklaringa av gardsnamna og plassering av gardane etter alder ut i frå namna, nyttar han seg av Oluf Rygh: «Norske Gaardnavne»

I den grad det er gjort funn av fortidsminne så nemner han dette. Haakon Schetlig har skrive eit kapittel om arkeologiske funn i området. På slutten av dette kapittelet blir det frå redaktøren av denne nye utgåva (1973,1974) referert til *Minne i Fjordane* av Per Fett, Historisk Museum (utg. 1959 Innvik og utg. 1960 Stryn). Dette tyder på at det ikkje er gjort noko ajourføring av arkeologiske funn for perioden mellom 1960 og 1973.

Nytta kjelder:

- Diplom frå mellomalderen (eit for Alda som er datert til 1340). Aaland skriv lenger bak i boka at ein del av dei uprenta diploma er å finne i Riksarkivet, andre på Bergen Museum og andre i private heimar (på gardane). Der han skriv dette refererer han til diplom for perioden etter 1570 som ikkje er å finne Dipl. Norv., men dette kan vel òg gjelde for dei eldste diploma, sjølv om han ikkje nemner dette eksplisitt.
- Munkelivboka som reknar opp kva jordegods som i 1427, 1463, og om lag 1480-90 låg til Munkeliv kloster i Bjørgvin.
- Bjørgvin Kalvskinn som reknar opp kva jordegods, tiend og leigekyr det ligg til prestar og kyrkjer i Bjørgvin bispedøme: ho er truleg frå midten av eller siste del av 1300-talet. Aaland daterer denne til mellom 1306-1360.

Aaland listar opp dei gardane som er omtala i dette eldste kjeldematerialet (Aaland: 60) og han reknar opp dei gardane som ein veit låg aude i siste del av mellomalderen (Aaland: 62).

Busetjinga i nyare tid (frå 1530-åra):

Nytta kjelder:

- Tiendepengemanntalet frå 1520-åra (Aaland: 63).
- Skattemanntalet frå 1563.
- Diplom i *Diplomatarium Norvegicum* fram til 1570. Sjå merknad ovanfor (Aaland: 63)

¹ Det vil i det følgjande bli referert til Jacob Aaland. *Nordfjord frå gamle dagar til no. Dei einskilde bygdene*. Innvik-Stryn. Del 2, band 3. Sandane 1973. (Merknad: det må i denne utgåva vere feiltrykk på framsida. Dette er mest truleg Del 1 medan det som er del 2 omhandlar gardane i Olden, Utvik og Innvik sokn. Denne sistnemnde boka vil saman med Del 1 bli nytta i gjennomgangen av Aaland sin kjeldebruk på gardssogene.)

- For 1600-talet har han nytta seg av skattemanntala for kvart år frå 1602, i tillegg til dette skriv han at han har nytta seg av jordebøker og matriklar. Det er ut i frå dette materiale han daterar når øydegardane i området vart teke opp igjen.
- Jordebok for Nordfjord frå 1626. Denne omtalar Aaland som den siste fullkomne jordboka for dette området (Aaland: 64). Han skriv noko seinare at landskylda som blir rekna opp for gardane i denne jordboka, stod ved lag utan større endringar til 1838. Årsaka til dette er at landsskyldverket i 1660-åra gjorde lite endringar og at framlegget til skyldsetting for 1723 ikkje blei godteke. (Aaland: 67)

I omtalen av eigedomstilhøva omtalar Aaland kven det er som er godseigarar i området, kor stor del dei åtte og til dels kva gardar som har lege til dei einskilde godsas. Det er òg nemnt kven krona pantsatte eigedomar til. Her nyttar Aaland seg av jordebøker.

Kyrkjene i Innvik-Stryn

Aaland nyttar seg her av diplom, Bjørgvin Kalvskinn og Kyrkjestolen (kyrkja si rekneskapsbok, sjå Aaland: 103). Kyrkjestolen ser ut til å vere frå siste del av 1600-talet om ein skal døme ut i frå opplysningane som blir oppgitt, men Aaland nemner òg lakuner i dette materialet, som f. eks. for Loen mellom 1722-1837. I tillegg til dette kan det òg vere nytta andre skriftlege og truleg òg munnlege kjelder, spesielt gjeld dette for den næraste tida (1800-talet). Desse kjeldene let seg ikkje identifisere ut frå boka. I skildringane av kyrkjene gjer Aaland seg òg nytte av gjenstandsmateriale i Bergen Museum.

- Tingbøker: I omtalen av presten Morten Pedersen (d.1596) nyttar Aaland seg av Noregs Riksregistranter (Aaland 123-124) Dette er i samband med ei arvesak som blir klagt inn til lensherren og til slutt endar opp hjå kongen. I ein strid om eigedom mellom presteenka Magdalena Søffrensdotter og det som må vere den nye presten har truleg herredagsdomane vore nytta. Saka vart stemd inn for herredagen i Bergen og den 14.7 1599 vart det dømt mellom dei, det er òg detaljerte opplysningar om korleis saka har vore handsama av lagretten i Stryn og Olden skipreide. Aaland ser òg seinare i dette kapittelet til å ha nytta seg av tingbøkene. Sjå side 131. Side 141 refererer han til eit tinglyst skøyte.

Kjelder Aaland nytta i gardssoga

Eg har systematisk prøvd å gå gjennom ein del av materialet for å finne ut av kjeldebruket. Det vil bli vist til sidetal i bøkene. Her er òg del 2 nytta. Dei tre gardane Eikenes, Bø og Bødal blir her nytta for å kartlegge kjeldebruken til Aaland.

1 Eikenes med Holmevik (Aaland 227 ff.)

Gardssoga

Tidfestinga av når garden er oppteken er mest truleg henta frå Rygh

1609 Tiendemanntal

1611-34 Opplysningar om at garden ligg under Skår. Tiendemanntal, evt. andre skattelister og jordebøker.

1650 Tingbok

1661 Landkommisjonens jordebok

1667 Matrikkel

1700 Manntal

1723 Utkast til matrikkel nytta (Sjå merknad ovanfor)
1729 Åstadsak (tingbok)

Merknad til brukarlista: Aaland nyttar her forkortinga sk. som refererer til skifte. Nemninga er òg i brukarlistene på dei andre gardane så det er truleg at han har nytta seg av skifta for Nordfjord. Dette må sjekkast opp mot Aalandsarkivet.

59. Bø ytre 60. Bø indre

Namneforklaring frå Rygh

I datering av garden syner han til det Haakon Schetlig skriv om gravfunn.

Bjørgvin Kalvskinn

1520 Omtalar tiendepengar. Dette er nok tiendepenningskatten av 1520–21. Skattelister er bevart for Vestlandet. Det er ikkje omtalt personar, men pengebeløp.

1563 Skattemanntal

1567 Skattemanntal (?)

1609-1630-åra Tiendemannntal, evt. andre skattelister og jordebøker nytta for å finne ut kor mange bruk det var på garden til kvar tid.

1626 Jordebok for Nordfjord

1723 Framlegg til matrikkel

1733 Pantebok (Aaland: 509)

Tingbok: 1657, 1690, 1697, 1745,

1746: Fritak for skatt grunna brann i to år (normalt frå tingboka).

1764: Åstadsak

1773 Tinglysing av bytte av teigar

1801 Bytte av skogteigar. Tinglyst

1875 Folketeljing??

1881 Utskifting (munnlege kjelder eller utskiftingsforretningane)

1883 Utskifting

I brukarlistene har Aaland til dels nytta seg av skifter.

77. Bødal (614 ff.)

Namneforklaring frå Rygh.

Aaland skriv at garden er nemnt i ymse mellomalderkjelder utan å gå nærare inn på kva kjelder dette gjeld, men kjem etter på inn på Bjørgvin Kalvskinn og diplom som omhandlar garden.

1340 Diplom (Bø dipl.)

1360 Dipl. Norv.

1519 Tiendepenningskatten

1546 Sal av egedomen Bø i Indre- og Ytre Nesdal som tilhørte Birgitte Mogensd. Ho var kona til brukaren på garden. Arvingane ankar seinare handelen og kjøpesummen blir auka ved to høve i 1575 og i 1590-åra, då det vart sett opp skøyte. Dipl. Norv.

1555 Dipl. Norv. (Åstadrett sjå òg s.621 der han gjentek same saka og syner til andre dokument som er referert.)

1563 Leiglendingsskatt

1567 Leiglendingsmanntalet

Merknad: Aaland nyttar ulike nemningar når han referer til årstala 1563 og 1567 på garden Bø blei dette omtalt som skattemanntal.

1584 Åstadsak . Denne åstadsaka og avtaksforretningane nemnt nedanfor, har truleg Aaland skrivt av i frå gardsarkiv i privateige. Aaland reiste omkring i området vinteren 1904-1905. Sjå kommentar nedanfor.

1626 Avtaksforretning (do.)

1654 Avtaksforretning (do.)

1664 Avtaksforretning (do.)

1693 Avtak: Aaland referer her til retten som seier at garden har lidd mykje skade på utmark på grunn av skred. Dette kan vel vere tilfelle i dei andre sakene òg. Elva har òg gjort stor skade. Breen gjer skade.

1702 Avtaksforretning

1707 Avtaksforretning

1723 Forarbeid til matrikkel

Gamle gardsdokument: Aaland skriv at dei eldste dokumenta for denne garden var trykt i Dipl. Norv., men utan om desse eksisterer det òg yngre gardsdokument frå 16. og 17. århundre som var på garden og var sameige. Desse blei øydelagde i Lodalsulykka hausten 1905, men Aaland skriv at han var så ”heppen å få ta ein ”ekstrakt” av dei hausten før..”. Dette er dokument som omhandlar eigedomstilhøve og anna. Sjå s. 618-619.

Ymse strid, dommar og semjer

I denne delen nyttar han seg av tingbøker. År: 1729,1756, 1772

Han gjentek her ein eldre strid om retten til ein gard, sjå ovanfor.

I brukarlistene er det òg nemnt skifte.

15. Gjerde (s. 79)

1522 Brevbrotsmanntal. Skattlegging.

Garden er ikkje nemnt i 1563 (skattemanntal), og 1585.

1626 Landskyld. Jordebok for Nordfjord.

1657 Kvegskatten

1667 Matrikkel

1723 Forarbeid til matrikkel.

1868 Kan vere frå revurderinga av matrikkelen. Dette arbeidet blei sett i gong i 1863. Det kan òg vere ein trykkfeil, at det her skal vise til 1886.

Vurdering av kjeldebruken til Aaland

Det ser ut til at Aaland har nytta seg av dei skriftlege kjeldene som var tilgjengeleg, både skriftlege og munnlege. Det kan sjå ut til at han i rekonstruksjonen av den nyare brukarhistoria har nytta seg i stor grad av munnlege kjelder. Den eldre eigedomshistoria og brukarlistene til Aaland må ein rekne for å vere grundig og påliteleg. Ein kan trykt nytte seg av Aaland som kjelde for vidare arbeid.

Aalandsarkivet ved Nordfjord Folkemuseum

Etter Aaland gjekk bort, donerte arvingane dokumenta og oppteikningane som Aaland hadde gjort seg, til Nordfjord Folkemuseum der samlinga er i dag.

Arkivet inneheld eit mangearta materiale, men størsteparten av arkivet er avskrift av kjeldemateriale og originaldokument, som Aaland nytta seg av i gards- og grendesogene.

Materiale ser ut til å dekke Nordfjord, men hovudtyngda av materialet omhandlar Stryn og Innvik. Ein oversikt over materialet som omhandlar Stryn og Innvik er utarbeidd av underteikna og kan overleverast til bygdeboknemnda om det er ynskjeleg.

Arkivet er ordna og systematisert av Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane, som òg har utarbeidd eit kartotekregister over innhaldet. Noko av arkivet er framleis ikkje systematisert. Årsaka til dette er truleg at Aaland nytta seg mykje av lausark, noko som gjer arbeidet med å få orden i arkivet ressurs- og arbeidskrevjande.

Mykje av dette materialet er i dårleg forfatning, enkelte kladdebøker ber preg av å vere flittig brukt og er i ferd med å gå i oppløysing (Spesielt i ryggen). Aaland sin bruk av lausark gjer òg delar av materialet vanskeleg tilgjengleg. Då delar av dette materialet er i dårleg forfatning, er delar av det er lite eigna for kopiering. Ein må her vurdere om det er ynskjeleg å få avfotografert dei mest interessante dokumenta.

Ein gjennomgang av dette kjeldematerialet syner at Aaland har gjort eit grundig arbeid med å tileigne seg kjelder som kunne kaste lys over eigedomstilhøva og brukarane på gardane i Innvik og Stryn. Noko av kjeldematerialet som vi såg at Aaland nytta seg av i gards- og grendesogene for Innvik og Stryn, er å finne igjen i arkivet i form av originalkjelder og avskrifter.

Arkivet i seg sjølv er av interesse i det vidare arbeidet med ny grendesoge for Stryn, både som kjeldegrunnlag og som illustrasjonar.

Kyrkjebøker m.m -registrert av Rune Bergesen og Sven Stensen

Kyrkjebøker

Innvik vigde	1750-1815	
Kb Innvik	1816-1844	
Kb Innvik	1844-1899	
Kb Innvik	1900-1972	
Kb Utvik	1900-1978	
Kb Olden	1900-1961	
Stryn døde	1750-1815	
Stryn fødde	1750-1815	
Kb Stryn miniA2	1844-1861	
Kb Stryn miniA3	1862-1877	
Kb Loen	1877-1907	
Kb Loen	1900-1959	(Eiga fil for døde frå 1918-1959)
Kb Nedstryn miniB1	1878-1907	(Her ført t.m. 1899)
Kb Nedstryn	1900-1963	
Kb Oppstryn miniD1	1878-1907	(Her ført t.m. 1899)
Kb Oppstryn	1900-1958	

Merknad: I tillegg har Bergesen snart fullført registreringa av konfirmerte.

Andre kjelder

Emigrantar frå Innvik
Emigrantar frå Stryn
Sjømenn i Bergen
Folketeljinga 1801 Stryn
Folketeljinga 1865 Stryn
Folketeljinga 1900 Stryn
Folketeljinga 1801 Innvik
Folketeljinga 1865 Innvik
Folketeljinga 1900 Innvik
Koppskatten 1645 Olden skipreide
Koppskatten 1645 Stryn skipreide Innvik
Matrikkel 1838 Innvik
Soldater Nordfjord 1710-1719
Utvandra frå Stryn

I tillegg har Rune Bergesen sagt seg viljug til å registrere folketeljingane 1875 og 1891 for Stryn frå mikrofiche eller papirutskrift.

Volda 2. april 2004

Harald Endre Tafjord

Vedlegg 6

Prisliste foto og fototenester ved Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane

Kopiar laga på standard plastpapir:

12x17cm.	kr.65,-	30x40cm.	kr.170,-
18x24cm.	kr.90,-	40x50cm.	kr.250,-
24x30cm.	kr.120,-	50x60cm.	kr.350,-

Digitale biletfiler

Pr.stk. uavhengig av storleik	kr.65,-
Brenning av CD-plater, pr stk.	kr.30,-

Standard fotoregistrering:

Inkl.repro og dataføring fram til fotokort	kr.35,-
Kontaktkopiar frå reprofilm	kr.30,-

Barytt-kopiar med garanti 100% tillegg til vanleg kopi-pris.
Oppklebing på standard kartong 50% tillegg til kopipris.

Kopi levert som lysbilete;	første	kr.150,-
	påfølgjande	kr.10,-

Arkivavgift

Forlag- bøker/lærebøker	kr.400,-
framside/omslag	kr.1.000,-
Aviser	kr.400,-
Vekepresse	kr.500,-
framside/omslag	kr.1.000,-
Tidsskrift	kr.500,-
framside/omslag	kr.1.000,-
Bedriftsblad/organisasjonsblad/julehefte	kr.300,-
Reklameannonser	kr.1.200,-
Reklamebrosjyrer	kr.800,-
opplag over 50.000 +50%	
opplag over 100.000 +100%	
Kalendarar	kr.800,-
Prospektkort	kr.1000,-
Plakatar del av	kr.800,-
heile	kr.1.500,-
Interiørutsmykking	kr.500,-
Emballasje/etiketter etc.	kr.1000,-
Fjernsyn	kr.500,-
Film/diasseriervideo	
til bruk i undervisning/info	kr.1000,-
over 3 bilete 25% rabatt	
Utstilling, mellombels	kr.400,-

Arkivavgift gjeld for ein gongs bruk av foto. Avgifta kjem i tillegg til kopi-prisen.

Privat bruk er friteke frå arkivavgift. Fritak KAN gis for foto til vitenskapleg bruk, arkiv- og museumspublikasjonar, lokalhistorisk litteratur utgitt av til dømes historielag/ideelle organisasjonar.

Foto må ikkje gjerast offentleg utan kjeldetilvisning! Fotografen sitt namn skal offentliggjera, samt eigar/utlånar.

Arkivfoto og negativ lånast ikkje ut. Bilete nytta som trykkoriginal skal returnerast etter bruk. Ekspress-tillegg 100% for levering/avsending innan 24 timar. Bilete knytt til Foto Historisk arkiv +10%.